

Når relevans trugar kvalitet

Har *relevans* vorte det avgjerande kriteriet ved tildeling av forskingsmidlar? Rektor Lars Moe ved Veterinærhøgskolen meiner kravet om samfunns- og marknadsrelevant forskning går på kvaliteten laus.

– I dag er kvaliteten på forskingsprosjekta berre eit tilleggskriterium, medan det burde vere det grunnleggjande kriteriet, seier Lars Moe.

Nr. 3/2005 – 37. årgang
Tidsskrift for Norsk forskerforbund
Forskerforum blir redigert etter Redaktørplakaten.
Redaksjonen avsluttet 23. februar 2005.

REDAKSJON

REDAKTØR: Kjetil A. Brottveit (vikar)
REDAKTØR: Ingar Myking (permisjon)
BLADBUNAD: Ragnhild Gram

REDAKSJONSRÅD

Martin Eide, professor UiB
Helge Salvesen, bibliotekdirektør UiTø
Reidun Høydal, Møreforskning/Høgskulen i Volda

ADRESSE

Forskerforum, Tollbugt. 35, 0157 Oslo
Telefon: 21 02 34 00
Telefaks: 21 02 34 01
E-post redaksjon: k.brottveit@forskerforbundet.no

Trykk/ekspedisjon: Øyvind Glomvik AS
ISSN 0800-1715
Opplag 17 000

ANNONSER

ANNONSE: Arne Aardalsbakke
Telefon: 64 87 67 90
Telefaks: 64 87 67 91
E-post: forskerforum@c2i.net

Format	
1/1 side	16900
1/2 side	11900
1/3 side	8500
1/4 side	6500

Stilling / kunngjøringer: kr 27,- pr spaltemm.
Alle priser er oppgitt ekskl. mva.

UTGIVELSESPLAN

nr. 3/2005	28. februar
nr. 4/2005	31. mars
nr. 5/2005	2. mai
nr. 6/2005	1. juni

Neste nummer: 31. mars. Deadline: 14. mars. Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendte innlegg.
Sender du inn stoff, legg ved diskett eller bruk e-post/attachment.

Internett: <http://www.forskerforbundet.no>

Omslagsillustrasjon: Heidi Ring/DIPP

aktuelt

5 NY FORSKNINGSMELDING

Regjeringen legger fram ny forskningsmelding før påske. Infor-
merte kilder melder om en strukturdøfting uten forpliktende
økonomiske løft.

6 RELEVANS ELLER KVALITET?

Skal relevans eller forskningskvalitet telle mest ved tildeling av
midler? Rektor ved Veterinærhøgskolen hevder kravet til sam-
funns- og markedsrelevans går på bekostning av kvaliteten på
forskningsprosjektene.

8 OMSTRIDT MATALLIANSE

Bergesen-utvalgets innstilling om en ny organisering av "blå-
grønn" forskning møter motbør. "Den blå-grønne matallianse"
kan føre til et "sentralistisk monstermonarki", mener fiskerihis-
toriker Odd Handegård.

10 UNIVERSITETS- OG HØGSKOLELOV

Valgfri styringsmodell og gratis utdanning: Innstillingen om ny
universitets- og høgskolelov blir ønsket velkommen i sektoren.

12 LIKESTILLINGSGREP

NTNU: Nyansatte kvinner på mannsdominerte områder kan få
startpakker. NTNU har tidoblet midlene til likestillingstiltak.

magasin

17 HVOR VANDRER VILLREINEN?

Reinsdyr med GPS-sendere rundt halsen røper hele flokken, og
kartleggingen er til hjelp i forvaltningen av Hardangervidda.
Møt reinsdyrforsker Olav Strand.

24 KRONIKK: "I redsla for å framstå som pottitland er UFD i
ferd med å innføre Norge som eit potato country," skriver Jan
Olav Fretland. Han mener vi trenger et velutviklet norsk fag-
språk for å bli gode internasjonalt.

forbundssider

33 FORBUNDET INFORMERER

33 INNSPILL: Styremedlem Kåre-Olav Stensløyken

34 INNSPILL: Forbundsleder Kolbjørn Hagen

faste spalter

30 LESERBREV: Universitets- og høgskoleloven, Kristeva-
debatten, Høgskolen i Østfold og Sivilombudsmannen.

Redaktør Kjetil A. Brottveit



Om eit farleg moteord

NORGES VETERINÆRHØGSKOLE kom svært dårleg ut av tildelingsrunden frå Norges Forskningsråd før jol. Av 110 søknader, vart éin innvilga. Veterinærhøgskolen er svært sårbar for ei slik dårleg utteljing då rundt 40 prosent av heile budsjettet er finansiert med eksterne forskingsmidlar. Forskerforum har intervjuet rektor Lars Moe ved Veterinærhøgskolen. Han går til åtak på ein forskingspolitikk som tenderer til å leggje meir vekt på relevans enn kvalitet: "Relevans er eit viktig kriterium for tildeling av forskingsmidlar, men det bør ikkje gå på kostnad av forskingskvalitet. I dag er kvaliteten på prosjekta berre eit tilleggskriterium, medan det burde vere det grunnleggjande kriteriet."

Sjølvsagt har Moe omtanke for si sjuke mor, men åtvaringane er høgst, å lat meg få bruke ordet *relevant*, for resten av sektoren.

MOE PEIKAR PÅ FLEIRE faktorar og finansieringskjelder som dreg i same retning. Departementa øyremerker løyvingane til Forskningsrådet. Næringsaktørane, med sine krav og interesser, har stor innverknad på nokre av tildelingane. Forskningsrådet må navigere i eit slikt landskap av krav og merkelappar. Kva tykkjer Forskningsrådet om ei slik rolle?

Kristin Danielsen er avdelingsdirektør i divisjonen for innovasjon i Forskningsrådet. Ho innrømmer at det kan stillast berre minimumskrav til *kvaliteten* i forskingsprosjekta når søknader vert handsama, nettopp fordi relevans vert utslagsgjevande. Ho legg vekt på Moe viser til ei fellesutlysing som fyrst og fremst var finansiert av næringa, men skulle det automatisk tilseie at kvalitet ikkje burde eller kunne ha vore prioritert? Det er ikkje mindre enn oppsiktsvekkende å få stadfest ein slik praksis frå ein høg representant for Forskningsrådet.

«RELEVANS» HAR VORTE eit honnørord og eit maktord innanfor forskingssektoren. Som det heiter i teksten som fylgde med odelstingsproposisjon nr. 79 frå Utdannings- og forskingsdepartementet: "Universiteter og høyskoler står overfor store utfordringar i årene som kommer. Utfordringene er knyttet til *kvalitet* i utdanning og forskning, til *relevans* i forhold til samfunns- og næringsliv (...)". Relevans er eit ord som fortener mistanke og dekonstruksjon. Professor Thomas Hylland Eriksen gjorde eit godt forsøk i ein kronikk i Dagbladet: "Er de departementsansatte relevante nok? Driver de nok med kvalitetskontroll og evaluering? Sannelig om jeg vet." Utover å fastslå dette – kva kan relevansstenkinga føre til?

MOE KRITISERER relevansorienteringa for å vere kortsynt, og bruker eit svært instruktivt døme: Storfesjukdomen BVD såg for 15 år sidan ut til å verte ufarleg og uviktig, likevel vart det gjort eit doktorgradsstudium på sjukdomen. Då det sei-

nare viste seg at sjukdomen vart både dødeleg og utbreidd, kunne det òg ha fått store økonomiske konsekvensar for næringa. Med studiet som var gjort, stod dei aktuelle instansane betre rusta til å gå laus på problemet. Ein kan innvende at eit slikt døme òg er prega av relevansstenking – kva om sjukdomen aldri hadde vorte viktig? Dømet får verdi fyrst når ein tek inn over seg at nokre sjukdomar og forskingsprosjekt aldri kjem til å verte relevante eller økonomisk viktige. Det store spørsmålet ein etter kvart ender opp med, er kor ein skal plassere seg på ein akse mellom kortsiktig relevans, som nokon har forlanga, og grunnleggjande forskning som er heilt utan synleg nytteverdi i augneblinken. Eit utslag av for sterk relevansstenking kan vere forskning som er sikrare, kjedelegare og tek mindre risiko.

SAMFUNNET KREV, og bør krevje, relevant forskning òg, men kven skal definere relevansen? Forskningsrådet, regjeringa eller Stortinget? NFR-direktør Arvid Hallén gjorde i intervju med Forskerforum eit poeng av at Finansdepartementet er sterkt i Noreg. Han meiner dette har ført til at dei offentlege finansane er svært gode, men at det òg har resultert i at forskingsbudsjetta relativt sett ligg svært lågt. Forskningsrådet har før teke til orde for at Utdannings- og forskingsdepartementet burde ha ei sterkare koordinerende rolle, og at ein burde lage budsjett som gjekk over fleire år. Ein mogeleg fare med ei slik rollefordeling er at dei enkelte fagdepartementa mistar eigedomsretten til prosjekta, og at dei totale løyvingane til forskinga kan verte reduserte under eit sterkt Finansdepartement.

Uansett kom den same Hallén nyleg med ei oppmuntrande ytring i Bladet Forskning "Vi har en svært viktig rolle i arbeidet med å få fram hvilke områder det er viktig for Norge å satse særlig sterkt på. Men samtidig må vi passe på at tilstrekkelig mye av forskningsmidlene kanaliseres gjennom ordninger for fri prosjektstøtte. Vi må sikre midler til de beste forskningsidéene – også på områder som ikke er nasjonale satsingsområder." Lat oss håpe at ein slik tankegang ikkje er heilt tilsidesett i den komande forskingsmeldinga.

TIL SLUTT: Korleis skal forskingsinstitusjonane møte krava om relevans? "Ein strategi er å prøve å forstå signala frå finansieringskjeldene, og planlegge forskning som desse meiner er relevant," seier Moe til Forskerforum. Det kan nok vere ein effektiv strategi, men tilnærminga kan medføre eit par perverteringar. For å halde meg til dyreriket: Vil vi ha forskarar og forskingsmiljø som er tilpassingsdyktige som kamelonar, snille som lam og lydhøyre som hundar? Når ein nærmar seg eigenskapane til desse dyra, kan ein fort oppleve å gå på akkord med seg sjølv eller institusjonen ein representerer. Relevans må aldri erstatte kvalitet.

NOTISER

Nytt styre i Stavanger

Forskerforbundets avdeling ved Universitetet i Stavanger har valgt nye representanter for fakultetene. Det forrige styret la før jul ned sine verv i protest mot utilbørlig inngripen i det fagpolitiske arbeidet fra universitetsledelsens side, ifølge avgått leder Roar Hjulstad.

Ny leder er førsteamanuensis Thor Ole Gulsrud ved Det teknisk-naturvitenskapelige fakultet. Nestleder er Svein Håland fra Det humanistiske fakultet. Han satt også i det forrige styret.

– Det har vært en konflikt med vanskelige forhold, men det er kritisk for medlemsmassen at vi flagger en fortsatt kritisk rolle, sier Gulsrud til Forskerforum. Han tror at blanke ark uten problemer med "basale ting som kjemi," kan bidra til å få fagforeningsarbeidet på rett spor.

– Allerede i mai er det ordinært nyvalg, og da satses vi på å kunne fortsette, sier Gulsrud,



Ny leder Thor Ole Gulsrud tror blanke ark er avgjørende for å få fagforeningsarbeidet ved Universitetet i Stavanger på "rett spor"

som understreker at han tror det er mulig å få til dialog med universitetsledelsen og dermed kunne utføre et konstruktivt arbeide.

- Vil tilsetje rektor

NTNU-styret vedtok 8. februar at rektor skal tilsettest, og at ein ekstern representant skal verte ny styreleiar, skriv Universitetsavisa. Det noverande styret skal kome med framlegg, men departementet oppnemner på fritt grunnlag både leiar og eksterne representantar. Ei rådgjevande gruppe oppnemnd av styret skal vere med på å rekruttere ny rektor, og eit eksternt rekrutteringsfirma skal òg engasjerast. Etter planen skal det nye NTNU-styret tilsetje rektor på åremål i august. Sjølv om det alt er fatta fleire prinsippvedtak i saka, er det enno usikkert kven som til slutt kan avgjere om ordninga kan innførast eller ikkje – det noverande eller det komande styret, skriv Universitetsavisa.

Topplassering for HF i Oslo

HF-fakultetet ved Universitetet i Oslo vart nyleg rangert som det 16. beste humanistiske fakultetet i verda. Rankinga er utført av eit fagfelletval sett ned av The Times Higher Educational Supplement. HF ved UiO hamna på fyrsteplass i Norden og på femteplass i Europa på lista over humanistiske fakultet. Øvst på lista er Harvard University, Oxford University og Berkeley-universitetet i California. – Dette er svært hyggeleg for humaniora-faga ved UiO. No gjeld det berre å slå London School of Economics og Sorbonne-universite-

Det har ikkje vore lett å få nokon til å forske på sidemålsforsøket i Oslo, slik det var føreset. Til slutt var det berre Universitetet i Göteborg som leverte inn anbod, men no har fagmiljøet der òg trekt tilbodet, skriv nettutgåva av bladet Utdanning. Professor Rolf Lander i Göteborg seier at han har kome med kraftige innvendingar mot evalueringsprosjektet av sidemålsforsøket overfor utdanningsetaten i Oslo. – Vi og utdanningsetaten i Oslo har ikkje same forståing av prosjektet, seier Lander til Utdanning. Han håpar at usemja skal løyse seg i løpet av nokre dagar, men vil ikkje seie meir, då oppdragsgjevaren ved utdanningsdirektør Astrid Søggen, har pålagt han å ikkje uttale seg til media.

Problemet på norsk er at vi blander sammen det moderne med det som er på moten. Derfor burde vi heller kanskje begynne å snakke om *det moterne*.

Sosiolog Dag Østerberg til Morgenbladet

Svensk forskningsløft

Den svenske regjeringen har forpliktet seg til å gi 2,3 milliarder helt friske svenske kroner til grunnforskning gjennom regjeringens *forskningsproposition*, som var ventet i månedsskiftet februar/mars. Midlene vil bli prioritert meget hardt, opplyser Sveriges minister for utdanning og kultur, Leif Pagrotsky. Pagrotsky gikk allerede i høst ute med vesentlige deler av innholdet i *forskningspropositionen*.

NTNU: Mer utredning om samling

NTNU-styret vedtok i februar at utredning av NTNU-samling skal fortsette, skriver Universitetsavisa. Neste styrebehandling er berammet til mars 2006.

Styrerepresentant Rigmor Austgulen ba om å få flyttesaken opp til uravstemning i universitetssystemet før den ble styrebehandlet, men forslaget falt mot Austgulens stemme. Med henvisning til ekspansjonsmuligheter, feil fokus og usikker økonomi i prosjektet, har tusen ansatte ved NTNU bedt om at styret stopper videre utredning av Dragvoll-flytting. Samtidig har Studenttinget i Trondheim sagt klart ja til samlokalisering av NTNU.

UiB: Flertall mot ansatte styre

Bare 29 prosent av de vitenskapelig ansatte ved HF-fakultetet ønsker ansatte framfor valgte instituttstyrere. Det viser en spørreundersøkelse foretatt av Rokkansenteret og NIFU STEP, skriver På Høyden. Universitetsstyret har vedtatt at alle institutter ved UiB skal ha ansatte styre fra 2007.

Undersøkelsen viser også at det ved alle institutt, med unntak av ett, er flertall mot instituttsammenslåinger, som nå diskuteres heftig ved HF-fakultetet i Bergen.

Må søkje eiga stilling

Apropos debatten om valde eller tilsette rektorar: Danmark fekk ei ny universitetslov i 2003 som slo fast at universitetsstyra skal tilsetje rektor. No søkjer rektor for Aarhus Universitet, Niels Christian Sidenius, si eiga stilling, skriv Århus Stiftstidende. Rektoren vart vald etter den gamle lova, men må no altså søkje på ny.

– Jeg har fået et godt indtryk af, hvad jobbet indebærer, og det har ikke afskrækket mig, seier Sidenius til Århus Stiftstidende. Stillingutlysinga er svært detaljert med mange spesifikke krav til kandidatane: Vedkomande skal være "engageret og dynamisk med visioner og lyst til at udfordre det bestående, til at sætte en ny dagsorden og til løbende at udvikle universitetet". Rektor skal òg vere ein "udadvendt og mediestærk debattør" og "en anerkendt forsker inden for et af universitetets fagområder".

Forskningsmeldingen

Engstelse i sektoren

Universitetene i Oslo og Bergen fraråder regjeringen å gjøre vekstmålet til et luftslott for neste meldingsperiode. Forskersamfunnet i Midt- og Nord-Norge venter at en bred konsensuspolitikk vil overse distriktene og instituttsektoren. Forskningsrådet blir tillatt å prioritere hardere.

Et par uker før offentliggjøring er stoffet i forskningsmeldingen til Bondevik II-regjeringen stadig en godt bevart hemmelighet for universitets- og høyskolesektoren og de ulike forskningsinstituttene.

- Kabinetet vil avgjøre viktige spørsmål (opptrappingsplan og kanalisering av midler, journ. anm.) helt på tampen av meldingsarbeidet, får Forskerforum opplyst i Utdannings- og forskningsdepartementet. I tillegg har regjeringen behov for selv å redigere presentasjonen av innholdet, opplyser presseansvarlig Karin Steenstrup i UFD.

- Vi har positive forventninger til forskningsmeldingen, men hvis jeg selv satte meg som mål å løpe maraton på 2.07, ville resultatet etterpå virke demotiverende, svarer rektor Arild Underdal ved Universitetet i Oslo på spørsmål om universitetets forventninger til stortingsmeldingen. Underdal oppfordrer regjeringen til ikke å kaste blå i øynene på universitets- og høyskolesektoren med urealistiske vekstmål, men i stedet tilby en differensiert finansiering av anvendt forskning og grunnforskning ved universitetene.

- Bedre rammebetingelser

Rektor Kirsti Koch Christensen ved Universitetet i Bergen ser det som problematisk for regjeringen å presentere en ny opptappingsplan før den forrige planen er gjennomført.

- Vi må ganske enkelt ha noe om styrking av rammebetingelser for universitet- og høyskolesektoren, slik at vi unngår at undervisningen stjeler for mye tid fra forskningen, sier Koch Christensen.

Rektor Jarle Aarbakke ved Universitetet i Tromsø forventer at regjeringen vil løse det såkalte second opinion-problemet som oppstår når midlene skal fordeles. Dette bør skje ved en sterkere direkte finansiering av forskning ved de utførende institusjonene, foreslår Aarbakke.

- Dermed kan Forskningsrådet være en reell second opinion. Forslaget løser også et annet viktig problem; hvordan skaffe midler til egenfinansiering av prosjekter med tung støtte fra Forskningsrådet, eksempelvis SFF-sentre, sier Aarbakke.

Konkurranse

Den strategiske styringsevnen til Norges Forskningsråd kommer til å bli styrket gjennom forskningsmeldingen, både ved tematiske satsinger, ny SFF-utlysning og mer midler til kortere konkurransebaserte prosjekter, ifølge kilder i departementet. Institusjonene får i praksis et tydeligere preg av driftsansvar for forskningsmiljøene, mens forsterket prioritering hos Forskningsrådet avgjør hvem som gis adgang til å utmerke seg.

Administrerende direktør Arvid Hallén i Forskningsrådet håper at stortingsmeldingen vil styrke den konkurransebaserte finansieringen av forskning, men påpeker at institusjonene må ha tilstrekkelig med forskningsmidler gjennom grunnbudsjettene til å sikre bredden.

- Jeg tror regjeringen vil fortsette en politikk med vekt på kvalitet og internasjonalsisering, hvor Forskningsrådet har en sentral rolle som strategisk aktør med satsinger knyttet opp til nasjonale prioriteringer og med ordninger med frittstående prosjekter rettet mot kvalitet, sier Hallén.

Mangler løft

Flere informerte kilder oppgir at forskningsmeldingen blir en strukturdrøfting uten forpliktende signaler om økonomiske løft. Den inneholder heller ingen viktige grep for å desentralisere forvaltningen av norsk forskningsøkonomi. Forskningsinstituttene risikerer dermed å ikke få svar på hvordan de skal konkurrere med offentlig finansierte institutter i utlandet.

- Alle evalueringer viser at man må gripe fatt i basisbevilgningene, sier styreleder Wiktor Sørensen i Forskningsinstituttene Fellesforum. Sørensen håper og tror at politikerne ikke vil benytte forskningsmeldingen til å redusere bevilgningene.

Bekymringen deler han med rektor Eivind Hiis Hauge ved NTNU.

- Forskningsmeldingen bør vise en utvikling i rolleforståelsen for UH-sektoren

Forventet i forskningsmeldingen:

- Centre of Excellence-logikken fortsetter, med ny SFF-utlysning i løpet av 2005.
- Mangelfull avklaring av instituttpolitiken, på grunn av god evaluering.
- Forskningsrådet øker sitt strategiske handlerom etter meldingen.
- Sektorprinsippet fortsetter, med Landbruks-, Nærings- og Fiskeridepartementet som strategiske aktører.
- Ny opptappingsplan blir en del av konsensusmodellen, men konkrete mål er ikke avgjort ennå.
- Tematisk satsing på IKT, biologi og materialteknologi. Formuleringene kan bli "livskvalitet" og "generiske teknologier."

og instituttsektoren. Det er leit at Oslo, som har en kompleks instituttsektor, skal utsette oppryddingen av sektoren ellers i Norge, sier Hiis Hauge.

Jarle Aarbakke advarer regjeringen mot å følge forslagene til Bergesen-utvalget om den såkalte Blå-grønne matalliansen, som består av randsoneinstitutter og eksterne forskningsinstitutter i den marine sektoren og landbrukssektoren (les mer om matalliansen på side 8-9).

- Vi må få en mye tettere kontakt mellom grunnforskningen og de anvendte forskningsinstituttene, fastslår Aarbakke. UiTø-rektoren mener at forskningsklyngene innen marin forskning i Tromsø og Bergen i realiteten er nasjonale tyngdepunkt som styrker aksene Tromsø-Bergen.

Av Andreas Høy Knudsen



Den strategiske styringsevnen til Norges Forskningsråd kommer til å bli styrket, sier kilder i Utdannings- og forskningsdepartementet. (Foto: Forskningsrådet)

Forskningsfinansiering

Relevans eller kvalitet?

Kva hjelper det om forskinga er god, når ho vert vurdert som for lite relevant? Forskningsrådet er for styrt av kortsiktige krav til marknads- og samfunnsrelevans, meiner rektor ved Veterinærhøgskolen.

- *Relevans* er eit viktig kriterium for tildeling av forskingsmidlar, men det bør ikkje gå på kostnad av forskingskvalitet. I dag er kvaliteten på prosjekta berre eit tilleggs-kriterium, medan det burde vere det grunnleggjande kriteriet, seier rektor Lars Moe ved Norges veterinærhøgskole (NVH). Han snakkar ut frå tildelingane frå Forskningsrådet før jol.

- Av 110 søknader, fekk vi innvilga éin, og den var saman med ein annan institusjon, seier Moe. NVH er svært sårbare for slike svingingar då rundt 40 prosent av heile budsjettet er eksternt finansiert.



Verdisettet for Veterinærhøgskolen går ut på å skape betre helse og livskvalitet for dyr og menneskje, seier Lars Moe. Her er helsa illustrert med CT-scanning for hund.

Endra Forskningsråd

- Det er naturleg at samfunnet vil vere med på å avgjere kva forskingspengane skal brukast til, men eg er skeptisk til at kortsynte relevanskriterium skal få så stor innverknad som i desse tildelingane, seier Moe. Han meiner omorganiseringa av Forskningsrådet, med divisjonar for vitenskap, store satsingar og innovasjon, har slått uheldig ut for NVH, og at tildelingane har vorte meir marknads- og samfunnsretta.

- Vi har stort sett søkt pengar frå innovasjonsdivisjonen, men prosjekta våre vert ikkje oppfatta som relevante, seier Moe som meiner det finst fleire grunnar til det:

- Næringsaktørane har stor innverknad på kva som er relevant no, nokre av satsingsfeltene har ein annan "merkelapp" hjå Forskningsrådet, og departementa legg ofte sterke føringar. Det finst klare fordelar med aktive departement som har interesse for og eigarforhold til forskning, men no har Landbruks- og matdepartementet kuttet løyvingane til Forskningsrådet med 20-30 millionar. Desse midla vart delvis erstatta med midlar som kom via jordbruksavtalen og fondet for føring til produksjonsdyr. Næringsaktørane hadde avgjerande innverknad på bruken av desse fonds- og avgiftsmidla. Dette førte etter mitt syn til at relevansvurderinga vart kortsiktig, og at grunnleggjande forskning tapte.

Øyremerking

I tillegg til at næringsaktørane spelar ei stadig større rolle, meiner Moe at øyremerkte midlar frå dei ulike departementa til Forskningsrådet dreg i same retning - ein kortsiktig forskingspolitikk.

- Øyremerkingane fungerer som ei relevansavgrensing, og vert kortsiktige fordi politikktutforminga frå departementa ofte har korte perspektiv. Det er problematisk fordi veterinærmedisinsk forskning og anna biologisk forskning ofte treng år for å bygge opp kompetanse og kvalitativt gode miljø. Eg

saknar at regjeringa spelar ei klårare rolle, og at forskingskvalitet, ikkje kortsiktig relevans, styrer bruken av forskingsmidlar, seier Moe som hevdar at det er vanskeleg for ein liten institusjon å definere dei relevante kriteria.

- *Korleis kan du vere så sikker på at relevanskriteriet slår uheldig ut for dykk?*

- Vi må ta inn over oss om forskingskvaliteten vår skulle vere for dårleg, men vi fekk til dels gode "karakterar" av Forskningsrådet på søknadene våre. Det var "relevanskarakterane" som vart svake. Sjølv om vi har ei sterk internasjonal forankring i forskinga vår og er med i fleire *Networks of Excellence*, påverkar dette ikkje nødvendigvis norske relevansvurderingar.

- *Meiner du at dårleg, men "relevant", forskning får tilslaget på midla i staden?*

- Nokre av prosjekta som har fått støtte er svært gode, medan andre er av meir dubiøs kvalitet med låg nyhende verdi og liten originalitet.

Ei sjukdomshistorie

- *Kva er faren med å bruke "kortsynte relevanskriterium"?*

- Eitt døme: for 15 år sidan vart storfesjukdomen BVD, eller Bovin virusdiaré, oppdaga. Få trudde at sjukdomen ville verte farleg eller utbreidd. Men sjukdomen vart både utbreidd og alvorleg. Kalvar kunne døe av han, og dette hadde òg store økonomiske konsekvensar for næringa. Sjukdomen vart skildra i ein doktorgrad hjå oss for 15 år sidan, og vi tok tak i problemet saman med Veterinærinstituttet, Landbruksdepartementet og husdyrnæringa. No sparar næringa 50 millionar i året på at sjukdomen nærast er utrydda, seier Moe og samanliknar med situasjonen i dag:

- Vi har søkt om pengar til forskning på ein annan sjukdom som vondarta katarrfeber, men næringsaktørane vurderer dette som for lite relevant. Hadde næringsaktørane bestemt for 15 år sidan, ville dei knapt ha finansiert den grunnleggjande virusforskinga på BVD.

- *Er ikkje dømet på BVD òg eit døme på relevantanstenking? Kva om BVD ikkje hadde vorte ein viktig sjukdom?*

- Relevanskriteriet er relevant, men ein må kunne arbeide med eit lengre perspektiv. All

Kina vil ha fleire utanlandske studentar I år 2007 bør det vere 120.000 utanlandske studentar ved universitet og høgskular i Kina, meiner det kinesiske utdanningsdepartementet. I dag er talet rundt 78.000, og vel 6.000 av desse har stipend frå den kinesiske staten. Over 45 prosent av desse studentane kjem frå Sør-Korea, og rundt 15 prosent er japanske. Samtidig held Kina fram med å sende eigne studentar til andre land, og mange får statlege stipend. Stipenda er retta inn mot studium som vert vurderte viktige for moderniseringa i Kina.

Tysk ranking av utdanningsministrar "Vi evaluerast til døde," seier ein representant for Deutscher Hochschulverband (DHV), den leiande faglege organisasjonen for universitetslærarar i Tyskland. Krava om evalueringar kjem oftast frå politisk hald. Derfor har DHV no starta ein ranking av utdanningsministrane i dei 16 tyske delstatane. På heimesida til forbundet kan ein gå og inn og gje uttrykk for kva ein meiner om ministrane. Ein nyttar ein sekstrinns skala frå "ungenügend" til "sehr gut". Det er òg mogeleg å tilføye personlege kommentarar om ministrane.

Fleire fuskere blir avslørt

I fjor ble det avslørt tre ganger så mange eksamensfuskere ved landets største utdanningsinstitusjoner, som i 2002, skriver Aftenposten. Økt bruk av internett og frie eksamensformer får skylden. - Kvalitetsreformen medførte mange flere hjemmekksamener, og det er her vi merker økningen. Det dreier seg stort sett om kopiering fra internett, både av enkelte avsnitt og nesten hele oppgaver, sier studiedirektør ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) i Trondheim, Hilde Skeie til Aftenposten.



– Tildelingane frå Forskningsrådet er prega av dagsaktuell næringspolitikk og "populære saker". Vi ynskjer å konkurrere på kvalitet, seier rektor Lars Moe.

forskning er risikofylt, og det ligg i forskingens natur at vi ikkje veit svaret. Det er naturleg at fellesskapet tek denne risikoen ved grunnleggjande forskning.

Risikovilje

Moe hevdar at ei ein-sidede relevansenking fører til norsk, kortsiktig forskning med manglande globalt perspektiv.

– For å ta eit døme: I 2009 vert kastrering av grisar forbode i Noreg, og no forskar ein på korleis ein kan unngå "rånesmak" på kjøtet. Forskinga er spreidd på 6-8 prosjekt med korte tidsfristar. Denne kortsiktige tilnærminga som involverer mange fagområde, til dømes ernæring og genetik, er ikkje grunnleggjande nok. Det skal mykje til at vi klarer å finne ut meir om problematikken i Noreg enn

andre land med mykje kjøtproduksjon – som Danmark, Kina og USA. Eg saknar meir langsiktige tilnærmingar med høgare risiko, seier Moe. Han meiner at tildelingspolitikken i dag går ut over grunnleggjande medisinsk og biomedisinsk forskning "som ikkje er næringsrelatert dei fyrste to åra".

– Liksom ein bør kjenne si historie, eller studere skriftspråket, trengs det grunnforskning på våre område. Vi forskar òg som grunnlag for undervisinga, og for å kunne ta i bruk forskning og teknologi frå resten av verda. Det har ein eigen verdi å forstå korleis ein genetisk kode fungerer, heilt uavhengig av om ein kan tene på det. Dette meiner eg – som skattebetalar òg, seier Moe.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

– Ikkje vår feil!

– Ein må tenkje mangfald og vere veldig strategisk på kor ein rettar søknaden sin i Forskningsrådet, hjå aktørane i næringa, innanfor grunnforskningsdelen av Forskningsrådet (Vitenskap) eller hjå EU, oppmodar avdelingsdirektør Kristin Danielsen i Forskningsrådet. Ho har ansvaret for landbruks- og marinforskning i divisjonen for innovasjon. Danielsen innrømmer at det kan stillast berre minimumskrav til kvaliteten i forskingsprosjekta når søknader vert handsama, nettopp fordi relevans vert utslagsgjevande.

– Veterinærhøgskolen kom veldig dårleg ut i ei fellesutlysning tidlegare i år, fordi

utlysinga fyrst og fremst var finansiert av næring og dermed fekk relevans eit hovudfokus, seier Danielsen.

– Ein har kanskje ikkje heilt teke inn over seg at divisjon for innovasjon har eit særskilt ansvar, medan vitenskapsdivisjonen bygger opp den langsiktige grunnleggjande forskinga, seier Danielsen. Ho oppmodar NVH om å rette seg inn mot Vitenskapsdivisjonen, grunnløyvingar frå departementet og midlar frå EU til grunnforskninga si.

– Og så må dei tenke anvendt forskning saman med aktørar i næringa, påpeikar Danielsen.

Av Andreas Høy Knudsen

Klarsignal for studieavgifter

Tyskland: For tre år sidan innførte den raud-grøne sambandsregjeringa i Bonn ein paragraf i den tyske høgskulelova som forbaud studieavgifter i grunnutdanninga ved universitet og høgskular. Regjeringane i dei konservativt styrde delstatane klaga til forfatningsdomstolen i Karlsruhe, og domstolen har no gjeve dei medhald. Avgjerda fører sannsynlegvis til at fleire delstatar innfører høgskuleavgifter. I visse tilfelle kan studentar sleppe å betale for studiar i delstaten dei kjem frå, medan tilreisande studentar frå andre delar av landet må betale avgift. Forfatningsdomstolen meiner at eventuelle avgifter må vere sosialt akseptable, slik at dei ikkje vert eit hinder for studentar frå mindre bemedla samfunnsgrupper. Avgjerda er ynskt velkomen av den tyske rektorkonferansen HRK. Ordføraren i HRK meiner at eit internasjonalt konkurransehinder no har vorte fjerna. HRK seier samtidig at eventuelle avgifter må kome høgskulesystemet til gode og ikkje brukast som eit middel i finansministrane si budsjettanering. Studentane varslar ei rekkje demonstrasjonar mot innføring av avgifter utover våren.

Oxford skjer ned på grunnutdanning

Reduserte talet på studieplassar i grunnutdanning for britiske studentar, og auke talet på plassar for utanlandske studentar som betalar avgifter: Dette er eit hovudframlegg i ein utgreiingsrapport som Oxford universitet har lagt fram. I rapporten vert det diskutert korleis Oxford skal kunne klare konkurransen frå dei førande amerikanske universiteta. I dag har Oxford ein mykje større del av studentar på lågare nivå enn Ivy League-konkurrentane i USA. Universitetet slit òg med underskot. Ein ynskjer å gå opp frå 7-8 prosent utanlandske studentar til 12-15 prosent, delvis med ei større innretting mot studiar på masternivå. Samtidig prøver Oxford å finne andre måtar å styrke økonomien på, blant anna gjennom "fundraising" og alumnivirkesemnd etter amerikansk modell. Den nye rektoren John Hood seier til britisk presse at ein prøver å få regjeringa til å godta høgare avgifter enn 3.000 pund som er maksnivået i dag.

Ny utdanningsminister i USA

Margaret Spellings er den nye utdanningsministeren i president Bush' andre administrasjon. Ho har tidlegare vore rådgjevar i innanriksspørsmål i Det kvite hus, og har følt med presidenten frå tida han hadde som guvernør i Texas. Skulespørsmål er venta å verte det fremste arbeidsfeltet hennar. På høgskuleområdet trur ein at ho kjem til å gjennomføre Bush sitt løfte om auka studiebidrag til ungdom frå familiar med låg inntekt, og auka stønad til toårige "community colleges". Alt dei fyrste dagane i det nye embetet fekk ho medieoppslag då ho gjekk til åtak på eit barneprogram i den delvis føderalt finansierte tv-kanalen PBS der eit lesbisk par vart intervjuet. Spellings vert ynskt velkomen frå konservativt hald i USA.

Forskingspolitik

Slaktar blå-grøn matallianse

– Innstillinga om «Den blå-grønne matallianse» er eit makkverk, og burde aldri vore sendt ut på høyring. Me står i fare for å få eit sentralistisk monsterbyråkrati, seier tidlegare direktør ved Norges Fiskerihøgskole i Tromsø, Odd Handegård.

– Dette kan svekke alle dei gode forskingsinstitusjonane som er bygde opp sidan 1970-talet, og som påverkar hundrevis av arbeidsplassar, seier Handegård.

Handegård gjekk av ved årsskiftet 2002/2003, og sidan den tid har han mellom anna arbeidd med historia til den norske fiskeriforskninga. Handegård meiner at ideen og innstillinga i Den blå-grønne matallianse er eit narrespel, som handlar om heilt andre ting enn å "lage eit slagkraftig, robust nasjonalt forskingssystem som står seg i internasjonal konkurranse og som har ei tett kopling til universiteta", som det heitte då innstillinga vart lagt fram for dei som tinga henne, nemleg landbruksminister Lars Sponheim og fiskeriminister Svein Ludvigsen.

– Det er snarare tvert i mot. Denne prosessen handlar om noko heilt anna enn alle dei fagre orda i innstillinga om samarbeid og auka forskning og synergjar. Dette er eigentleg ein enorm dragkamp om ressursar og pengar. Det handlar ikkje primært om forskning, seier Handegård.

Han har engasjert seg i debatten gjennom fleire kronikkar og debattinnlegg i aviser over heile landet, og er alt anna enn nådig overfor tingingsverket til Ludvigsen og Sponheim. Handegård fryktar at det "robuste forskingssystemet" som innstillinga legg opp til, heller vil verte eit tungrodd sentralistisk system.

Naudsynt uhøfleg

– Eg kallar ein spade for ein spade, noko fleire burde ha gjort, men eg skjønar at folk i ansvarlege posisjonar må vere noko meir høflege enn meg. Eg kan likevel ikkje sjå noko grunn til å stå på sidelinja når noko slikt er i ferd med å skje. Vi står i fare for å få eit monsterbyråkrati, som både er sentralistisk og trugande overfor gode forskingsinstitusjonar som er opparbeidde sidan 1970-talet, og som gjer ein god jobb. Eg har ikkje noko tru på at ein stor konsernmø-

dell vil legge betre til rette for forskning enn den organiseringa vi har i dag, seier Handegård.

Eitt av måla i innstillinga går ut på å samle fleire institusjonar innan landbruks- og fiskeriforskning, til ein nasjonal fellesarena for primærnæringsforskning. Vinsten skal vere synergjar i form av betre oversikt, smidigare kanalisering av midlar og meir forskning for pengane.

«Løse antagelser»

Dette trur ikkje Handegård på. I eit hefte der Handegård har samla eigne artiklar og debattinnlegg frå aviser og andre publikasjonar, finn vi artikkelen «Blå-grønn forskningsallianse».

Her er ikkje forfatternen spesielt høfleg: «...Det er synd å måtte si det, men det er ikke ofte man ser så mye tomt prat bak så flotte formuleringer. Begrepet synergi, for eksempel: Til tross for at uttrykket brukes 15-20 ganger i innstillingen, finnes ikke et eneste eksempel som dokumenterer eller sannsynliggjør fordeler knyttet til reorganiseringsforslagene, bare løse antagelser og en del gitte forutsetninger som heller ikke begrunnes. Det er sjelden å lese et dokument som så til de grader er kjemisk fritt for rasjonelle resonnementer, dvs. for klargjøring av premissene for de konklusjoner som trekkes. Det er merkelig at Bergesen har tatt sjansen på å sette navnet sitt under et slikt makkverk.»

– Du brukar ganske harde ord når du omtalar denne innstillinga?

– Eg har lese henne fleire gonger, og eg står for alt eg har skrive. Eg kan med handa



Fiskeriforskning AS i Tromsø meiner at marin forskning i Noreg er best tent med ei vidare styrking av eksisterande forskingsmiljø, og at drivkrafta bør samlast i kystaksen Bergen-Tromsø. (Illustrasjonsfoto: Frank Gregersen, Fiskeriforskning)

Flere doktorstudenter på HiL

Høgskolen i Lillehammer er ikke godkjent som doktorgradsinstitusjon, men har snart 16 doktorgradsstipendiater på lønnslista, skriver Gudbrandsdølen Dagingen (GD). Disse er derfor formelt tilknyttet andre institusjoner, men på sikt regner høgskolen med at doktorgraden kan avlegges på Lillehammer. – Stipendiatene vitaliserer forskningsmiljøet vårt, og utgjør et rekrutteringspotensial, sier førstekonsulent Lars Bærøe ved HiL til GD. Alle stipendiatene får faglig veiledning lokalt.

Halden som universitetsby?

– Universitetsstatus for Høgskolen i Østfold (HiØ) er et mål vi må jobbe mot, sier Halden-ordfører Per Kristian Dahl til Halden Arbeiderblad. Han er positiv til forslaget om at Høgskolen i Østfold, med hovedsete i Halden, skal bli universitet. – Det er artig at politikere fra den ene yttersiden til den andre her står sammen. Skal Østfold vinne fram i Norge, må vi stå sammen. Vi må ikke kjempe region mot region. Jeg regner med at resten av fylket vil følge opp i denne saken, sier Dahl ifølge Halden Arbeiderblad.

Misnøye med sykepleierutdanning

Høgskolen i Oslo kommer dårlig ut av en NO-KUT-undersøkelse om sykepleierutdanningene, melder HiO-nytt. Studien tar for seg både studietilbudet og opplevelsen av praksis ute. 2500 ferdigutdannede sykepleiere har vurdert studietilbudet, og 57 prosent er totalt sett fornøyd. Bare 22 prosent av tidligere HiO-studenter svarer det samme. 65 prosent av hele utvalget er fornøyd med praksisdelen, mens 49 prosent av HiO-respondentene er det. Sykepleierstudentene i Oslo er imidlertid fornøyd med forskningens plass i undervisningen.



– 30 års arbeid for å bygge opp fiskeriforskning og høgare fiskeriutdanning i Tromsø står i fare for å verte rasert, seier tidlegare direktør ved NFH, Odd Handegård.

på hjartet ikkje sjå eit einaste konkret døme på kvar eller korleis dei vil hente ut desse omtala synergiane. I verste fall kan forslaga i innstillinga rasere forskingsmiljøet i Tromsø; i beste fall vert verksemda i Tromsø ei form for husmannsverksemd under sørnorske konsern på Austlandet og i Trøndelag, som skal byggje opp ei fiskerifagleg forskingsverksemd nesten frå grunnen av.

Ikkje distriktspolitikk

– Høyringsutsegn frå ei rekke sørnorske institusjonar gjev uttrykk for at ein for ein kvar pris må unngå at det går "distriktspolitikk" i saka. Men distriktspolitikk, som i det siste har byrja å verte eit skjellsord i enkelte sørnorske forskingsmiljø, er noko som berre har med Nord-Noreg og gjere. Når offentlege midlar vert brukte sørpå, er det ein del av norsk nasjonsbygging, seier Handegård.

– *Kva vonar du vert utfallet i denne saka?*

– Det er å vone at Tromsø og Bergen greier å halde fram det gode samarbeidet som er kome i gang dei siste 10 åra, og dessutan at dei viktigaste politiske partia ser følgjene av dei forslaga som er lagde fram, seier tidlegare direktør ved NFH, Odd Handegård.

Ikkje høyringsinstans

Forskerforbundet reagerer på at dei ikkje var på lista over høyringsinstansar. Forskerforbundet har 475 medlemmar ved forskingsinstitusjonar knytte til fiskeri og landbruk, og som vert involverte i ein eventuell blågrøn alliansebygging. Då innstillinga til Bergesenutvalet gjekk ut til høyring, reagerte forbundet på at organisasjonen ikkje var på høyringslista. Generalsekretær Kari Kjenndalen i Forskerforbundet meiner at det har skjedd positive saker i kjølvatnet av reaksjonen til forbundet.

– Vi var forbausa over at vi ikkje var på lista over høyringsinstansar. Difor reagerte vi på eit prinsipielt grunnlag. Forskerforbundet skal sjå til at prosessar som dette går for seg på ein korrekt måte, der involverte partar får høve til å uttale seg og delta. Vi såg det difor som underleg at ikkje forbundet vart trekt inn tidlegare. Det gav vi uttrykk for i ein kommentar til innstillinga. Etter den tid har det skjedd

Fakta

Glimt frå høyringsrunden

Havforskningsinstituttet, Bergen:

«Havforskningsinstituttet er positiv til etablering av en felles faglig arena og mener at dette kan skje uavhengig av hvilken restrukturering som velges (...) Etablering av ett felles infrastrukturselskap er feil vei å gå. Havforskningsinstituttet mener at gjennomgangen av «blå» og «grønn» sektor har vært ubalansert, og at utvalgets forslag i hovedsak er en omstrukturering av blå forskning.»

Handels- og servicenæringens

Hovedorganisasjon:

«Endelig har vi en klar bekymring for at i neste instans så flyttes fokus over til distriktspolitikk.»

Fiskeriforskning AS, Tromsø:

«Det er Fiskeriforsknings hovedsyn at den fremtidige næringsrettede satsing innen fiskeri- og havbruk best kan ivaretas gjennom å bygge videre på de marine forskningsmiljøene i kystaksen Tromsø-Bergen.»

NHO:

«Vi slutter oss til styringsgruppens anbefalinger.»

UiB:

«Vi stiller oss tvilende til om etablering av en omfattende overbygning vil kunne få et meningsfylt innhold. En slik møteplass uten reelle beslutningsfullmakter vil lett kunne få et rituell preg.»

NTNU:

«NTNU slutter seg i all hovedsak til Styringsgruppens bakgrunnsanalyse og intensjoner, og er enig i forslaget om å opprette et nasjonalt forskningskonsern med regionale avdelinger.»

Universiteta vil spele større rolle

Frankrike:Liksom i andre europeiske land bør universiteta spele ei sentral rolle for forskinga. Det skriv den franske akademiske rektorkonferansen (CPU) i eit debattinnlegg i samband med arbeidet med ein forskingsproposisjon som skal gjennomgå heile det franske forskningssystemet. Rektorane skriv i innlegget at forskningssystemet i dag, med dei mange spesialiserte organa og institutta, lir av ein altfor sterk sentralstyring samtidig som den politiske oppdelinga i fleire departement, har ført til ei fragmentering. Systemet vart til på 1950-talet då ein mistrudd universiteta si evne til å fornye seg. CPU meiner at universiteta og høgskulane har vist seg fleksible, blant anna gjennom den radikale eksamensreforma som har vorte innført på grunn av Bolognaprosessen. Med 53.000 forskarutdanna lærarar og 60.000 doktorstudentar er universiteta i stand til å ta eit stort og dominerande ansvar for den franske forskinga, meiner CPU. Auka løyvingar og større sjølvstende enn i dag er føresetnader for å kunne ta dette ansvaret, skriv CPU.

Framleis sosial rekruttering

England:Det er seks gonger meir sannsynleg at ungdomar frå rike område byrjar å studere ved universitet samanlikna med ungdomar frå fattige område. Det viser ei stor undersøking som Higher Education Council for England (HEFCE) har gjennomført. Det har ikkje vore større endringar i den sosiale skeivrekutteringa dei siste seks åra trass ulike forsøk på å stimulere til auka rekruttering blant anna frå innvandarområde i storbyane. Undersøkinga viser blant anna søkjarfrekvensen frå ulike valkrinsar. I ein del av Sheffield er det til dømes berre åtte prosent av 18-åringane som går vidare til høgare utdanning, medan det i ein annan del av byen er heile 62 prosent. Undersøkinga vart publisert samtidig med at Cambridge University har ytra tanken om å vekte karakterar ved opptak slik at elevlar frå skular i lågstatusområde får ein liten fordel.

Sammenslåing i Nord-Trøndelag?

Fylkestingsrepresentant og varaordfører i Steinkjer, Anne Irene Myhr (Sp) mener det snarest må gjøres vesentlige grep innen forskningsorganiseringen i Trøndelag. – Høgskolen i Nord-Trøndelag (HiNT) og Nordtrøndelagsforskning må snarest slå seg sammen, sier Myhr til Trønder-Avisa. – Nordtrøndelagsforskning har to ben og stå på, miljø og innovasjon, mens HiNT satser på å være en grønn høgskole med entreprenørskap, innovasjon og bedriftsutvikling som spesialområder. Til sammen kan dette bli et senter for forskningsbasert innovasjon, sier Myhr. Hun er selv medlem av et regjeringsoppnevnt industriutvalg. Målet for utvalget er komme med råd om hvordan vi kan få en konkurransesterk næringsutvikling og best mulig verdiskapning i Norge. – Forskning er en av de viktigste kildene til innovasjon og langsiktig vekst. Avkastningen av forskning er også høy, sier Myhr.

ting som gjev grunn til å tru at vi er med på lista ved neste runde, seier Kari Kjenndalen til Forskerforum.

Skeptiske til nytt nivå

– *Men dette var ikkje einaste innvendinga forbundet hadde til innstillinga?*

– Vi har også sagt at vi ikkje kan sjå at alle forslaga er like godt dokumenterte. Vi vurderer grunnlaget for å opprette eit nytt administrativt nivå i tillegg til dei eksisterande for noko svakt. Det er ei omfattande reform, og då meiner vi det er viktig at vinsten kjem tydeleg fram. Vi har også hatt vanskar med å sjå at reforma skal gje dei synergieffektane ein legg opp til. Vi har ikkje tatt stilling til lokaliseringsspørsmål eller arbeidsdeling, då vi har medlemmar ved alle institusjonane som er involverte. Utover det ventar me til saka ligg klar til politisk handsaming, seier Kjenndalen.

Universitets- og høgscolelov

Glede over ny lov

Ei gjennomgåande lette over løysinga på spørsmålet om styringsform. Studentar og tilsette glade for ei styrking av gratisprinsippet. Til og med representantar frå Ryssdal-fleirtalet er stort sett nøgde med resultatet.

- Vi håpar no at det ikkje kjem fleire store reformer dei næraste åra, seier Ola Stave, generalsekretær i Universitets- og høgscoleløydet. Ytringa er talande for stemninga i sektoren etter at Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen la fram innstilling til ny Universitets- og høgscolelov 11. februar.

Statsråd Kristin Clemet konkluderer slik i eit innlegg lengre bak i bladet: "Det viktigste nå er at vi med bred enighet kan avslutte en

omfattende reformprosess i norsk høyere utdanning, og at vi har fått full oppslutning om det viktigste: En ny og tidsmessig felles lov for private og statlige universiteter og høgscoleløydet." Ho signaliserer dermed at sektoren kanskje får ein liten reformpause?

- Ro i sektoren

Når dette kjem på trykk, har lova etter planen vorte handsama i Odelstinget, og ho vert

endeleg avgjort i Lagtinget i mars. Forskerforum var til stades då saksordførar Vidar Bjørnstad (Ap) la fram nokre hovudtrekk dagen etter at handsaminga i KUF-komiteen var ferdig. Arenaen var dekanuskolen til Universitets- og høgscoleløydet.

- Dersom eg skal heve blikket frå det mest tekniske, vil eg leggje vekt på at Stortinget har understreka at dei ser på universiteta og høgscoleløydet som viktige samfunnsinstitusjonar. Heile komiteen har kome med gode merknader om fridomen for institusjonane, og at dei skal vere demokratisk styrde, sa Bjørnstad. Han kom med ein ikkje reinskriven versjon av innstillinga under armen, og kom med ei framstilling av den årelange uroa rundt tilknytings- og styreformar i sektoren:

- Ryssdal-utvalet gav ein del "spennande" og radikale framlegg. No har ein samrøystes komité gått mot regjeringas framlegg på nokre punkt. Eg trur det er bra for sektoren at det vert ro, og at vi ikkje får ein ny prosess rundt organisasjonsformer alt om to år.

Han la ikkje skjul på at han føretrekkjer dagens modell med vald rektor som styreleiar. ►►

Sagt om lovinstillinga:

- For universitetsverda er det svært positivt å oppleve at vi vert høyrde av stortingspolitikarane, seier Gerd Bjørhovde, prorektor ved Universitetet i Tromsø til Forskerforum.

- Eg er mest glad for at vi har fått gehør for å halde på sjølvstyret og valde leiarar, men det er òg særskilt viktig at gratisprinsippet vert slått endå sterkare fast. Eg gler meg saman med studentane over den sigeren, seier Bjørhovde. Ho påpeikar at det i debatten rundt lova har vorte innvendt at akademikarar er for trege til å ta endringar inn over seg.

- Med gjennomføringa av kvalitetsreforma meiner eg at vi ganske ettertrykkeleg har vist at vi klarer å omstille oss, seier Bjørhovde.

- Lova vart svært tilfredsstillande sett i forhold til dei viktigaste punkta våre, gratisprinsippet og styringsmodellar, seier Njål Bele, leiar i Studentenes Landsforbund, til Forskerforum.

- Det var viktig for oss å få vekk formuleringa om at ein som "hovudregel" ikkje kan ta betalt for utdanning. Dermed hindrar ein at det vert ein utveg å ta pengar for utdanning til dømes når budsjettet er pressa, seier Bele.

- Universitets- og høgscoleløydet er fornøgd med at Stortinget har lytta til råd frå sektoren, seier generalsekretær Ola Stave til Forskerforum.

- Vedtaket i representantskapsmøtet vårt i november har ført til tverrpolitisk semje om at ein obligatorisk modell ikkje kan vere optimal for dei 38 institusjonane våre. Dei er ulike i storleik, røynslar, tradisjonar og oppgåver. Grunngevinga som fleirtalet har brukt er nesten identisk med innspillet vårt til komiteen, seier Stave.



Ein månad etter demonstrasjonen for "Fritt akademia" er dei fleste kampsakene vunne.



- Som saksordfører for lova er eg svært fornøgd med resultatet, sa Vidar Bjørnstad (Ap).

► - For meg er dette favorittmodellen fordi han best sikrar autonomien til institusjonane og den faglege fridomen. Denne saka har vore den viktigaste i lova for meg. Men om nokre institusjonar vel den andre, ver så god!

- Akademisk fridom

Før handsaminga i KUF-komiteén var mange uroa over denne formuleringa om *gratisprinsippet*: "Det kan som hovedregel ikke tas egenbetaling for grader eller yrkesutdanninger fastsatt med hjemmel i universitets- og høyskoleloven § 45."

- Mange sa til meg at vi måtte få vekk ordet "hovudregel", og det har vi klart. Eg trur ikkje framlegget frå regjeringa var meint å vere i strid med praksisen i dag, jamfør teksten som fylgde med proposisjonen, men vi ville setje bom for å kunne innføre avgifter på ordinære utdanninger, sa Bjørnstad.

Det er framleis mange gråsoner når det gjeld kva utdanningar ein kan ta seg betalt for - som nettbaserte og desentraliserte utdanningar. SV og Sp fekk ikkje fleirtalet med på at ein berre kan krevje betaling for kurs spesielt tilpassa næringslivet.

Status quo som eigenverdi

Fleirtalet i Ryssdal-utvalet gjekk inn for at rektor skulle tilsetast av ei styre med eksternt fleirtal. To representantar for dette fleirtalet er likevel brukbart nøgde med innstillinga frå komiteen.

- Eg har forståing for dei som meiner at det går raskt i svingane med omstillingar, men eg held fast ved at modellen med tilsett rektor er betre. Det er ei ulempe at kravet om kvalifisert fleirtal kan gjere det vanskeleg å gå over til ny modell, men status quo har ein eigen verdi, og av omsyn til stabiliteten kan det vere fornuftig å gå såpass varsamt fram, seier Nils-Henrik M von der Fehr, økonomiprofessor ved Universitetet i Oslo. Han er glad for at ein har kome fram til to klare styringsalternativ:

- Ein einskapleg leiande rektor kan ikkje vere vald, men må få fullmaktene sine frå styret, seier von der Fehr og legg til:

Fakta

Nokre punkt frå lovinnstillinga:

■ Styra ved institusjonane kan velje om dei vil ha vald rektor som òg er styreleiar, eller tilsett rektor og styreleiar som departementet utpeikar blant dei eksterne representantane i styret. Det må vere kvalifisert fleirtal i styret for å gå over til den sistnemnde modellen, dvs. minst sju av 11 styremedlemmer.

■ Institusjonane kan krevje betaling av studentane berre i spesielle tilfelle, som nettbaserte kurs for etter- og vidareutdanning. Spørsmålet om kor grensene skal gå, er sendt i retur til departementet for utgreiing. SV og Sp fekk ikkje fleirtalet med på at ein berre kan krevje betaling for kurs spesielt tilpassa næringslivet.

■ Tilsette ved universitet og høyskular kan framleis vere mellombels tilsett i inntil 12 år. I ei felles pressemelding frå Akademikerne og Forskerforbundet ved leiarane Christl Kvam og Kolbjørn Hagen, heiter det: "Totalt uakseptabelt. En klar diskriminering av disse ansatte."

- Vi bør ikkje stoppe mulegheitene for ei større spreieing av utdanning på denne måten, meinte Bjørnstad. Han kom òg inn på det han kalte "akademisk fridom" i tydinga fordeling mellom forskning og undervising.

- Vi har vurdert for og mot om jamn fordeling mellom forskning og undervising burde nedfellast i lova. Komiteen har sendt saka om lovfesting av individuell akademisk fridom tilbake til departementet for utgreiing, sa Bjørnstad.

Av Kjetil A. Brottveit (tekst og foto)

- Eg trur argumentet om at val gjev intern legitimitet er overdrive, og ein kan spørje seg om kor godt rektorval fungerer med så låg valdeltaking som er vanleg i dag. Dessutan trur eg ein undervurderer kor viktig det er med legitimitet eksternt, noko ein lettare får med mandat frå styret.

Jan Grund, prorektor ved BI og leiar i Nettverk for private høyskolar, var ein del av det same fleirtalet. Han held fast ved synspunkta på styringsformer, men er mest oppteken av at lova er ei vinning for private høyskular:

- Det viktigaste for meg er at vi får ei meir tidsmessig lov som gjer private høyskolar meir likeverdige med statlege høyskolar. Fram til no har systemet for å opprette studiar vore svært tungrodd for dei private høyskolane. No kan vi søkje NOKUT om akkreditering på same måte som dei offentlege, seier Grund.

Universitet i Møre og Romsdal?

Molde har kommet lengst blant høyskolene i fylket med tanke på å bli universitet, mener stortingspolitiker Petter Løvik (H), ifølge Romsdals Budstikke. Sommeren 2006 er det ventet at de første studentene avlegger doktorgradseksamen i logistikk/transportøkonomi. Det åpner for at Høgskolen i Molde kan søke om status som vitenskapelig høyskole, på linje med Handelshøgskolen i Bergen og Idrrettshøgskolen i Oslo. Løvik uttaler seg etter å ha møtt direktørene for de tre høyskolene i Møre og Romsdal: Høgskolen i Molde, Høgskulen i Volda og Høgskolen i Ålesund. Løvik møter motstand fra rektor Gunnar Stave ved Høgskulen i Volda som mener at denne høyskolen representerer det klart tyngste høyskolemiljøet i Møre og Romsdal. - For i det heile å kome med i diskusjonen om å kunne bli universitet, må institusjonen kunne tilby minst fire doktorgradsstudium og fem mastergradsstudium. Det at Molde åleine skal kunne greie dette er urealistisk. Heller ikkje Høgskolen i Ålesund eller Høgskulen i Volda har sjanse til å oppnå noko slik. Skal vi nokon gong kunne få eit universitet i fylket vårt, må dei tre høyskulane slåast saman, sier Stave til Romsdals Budstikke.

NTNU på 85. plass

NTNU kommer på 85. plass i en rangering av verdens beste teknologiske universiteter, skriver Universitetsavisa. Det er dårligst i Norden. Rankingen omfatter universiteter som har spesialisert seg på ingeniørfag og IT. Øverst på lista troner University of California, Berkeley. Beste nordiske institusjon er den tekniske høyskolen i Helsingfors på en 49. plass. Også de fremste teknologiske universitetene i Sverige og Danmark kommer foran NTNU på lista:

Best i verden:

1. University of California, Berkeley, USA
2. Massachusetts Institute of Technology, USA
3. Stanford University, USA
4. Indian Institutes of Technology, India
5. Imperial College, England
6. California Institute of technology, USA
7. Tokyo University, Japan
8. Cambridge University, England
9. National University of Singapore, Singapore
10. Beijing University, Kina

Best i Norden:

49. Den tekniske høyskolen i Helsingfors, Finland
51. Chalmers tekniska högskola, Sverige
60. Danmarks tekniske universitet, Danmark
71. Kunglige tekniska högskolan, Sverige
85. NTNU, Norge

USA: Database om akkreditering

Utdanningsdepartementet i USA har nyleg opna ein nettstad der ein kan finne institusjonar innan høgare utdanning som har vorte godkjende etter dei nye føderale reglane for akkreditering. Målsetnaden er at studentar og offentlegheita skal kunne unngå "diploma mills", verksemdar som sel akademiske grader.

Likestilling

Starthjelp til å beholde kvinner

Amanuensis Astrid Dyrseth har fått 200.000 kroner i startpakke. NTNU har tidoblet midlene til likestillingstiltak, og vil hindre at nytilsatte kvinner på mannsdominerte områder slutter.

Det står dårlig til med likestillingen i akademia, til tross for at tallet på kvinnelige studenter øker. Jo høyere opp i stillingshierarkiet, jo større er mannsdominansen.

NTNU har tidoblet sin bevilgning til likestilling, blant annet med 1,6 millioner til startpakker for nytilsatte kvinner på mannsdominerte områder. Målet er at de ikke skal slutte. Astrid Dyrseth er amanuensis ved Institutt for elektronikk og telekommunikasjon, og er en av to kvinner i faste vitenskapelige stillinger. Hun ble ansatt i desember 2003, og forsker på optisk avbildning av ultralyd.

- For meg betyr denne pakken en mulighet til å kjøpe viktig utstyr jeg trenger til forskningen, sier Dyrseth.

- Hva betyr denne pakken for din vei mot professorat?

- Det styrker mine muligheter i forhold til

forskningen, og dermed også muligheten for å kunne publisere noe med høy kvalitet, sier hun.

- Pakken gir en viss frihet, og det gir mulighet til å komme raskt i gang. Det tror jeg er et viktig moment. Å komme raskt i gang, slik at det ikke tar for lang tid før man kan vise til forskning og resultater er viktig for selvfølelsen, poengterer hun.

Vern om forskningstid

Da Astrid Dyrseth ble ansatt ved NTNU, var hun den eneste kvinnen i fast stilling ved instituttet. Etter at instituttet ble slått sammen med et annet, er de to.

- For 10-15 år siden ville jeg mene at det var blodig urettferdig at kvinner fikk slike fortrinn som denne pakken. Nå ser jeg at det er få kvinner i vitenskapelige stillinger, og jeg stiller spørsmål om hvorfor det er slik. Likestil-

lingstiltak er en måte å synliggjøre kvinner i miljøet på, og det tror jeg er virkningsfullt, sier hun.

Men hun advarer mot en situasjon der kvinnelige forskere bare blir administratorer.

- Universitetet har et mål om 40 prosent kvinner i alle råd og utvalg. På et så mannsdominert område som realfag, vil det bety at de få kvinnene som er der, ikke får tid til annet enn å fly rundt i komiteer, og dermed ikke få tid til å forske. Det styrker ikke kvinnenes muligheter til videre karriereutvikling. Det er også viktig at kvinnelige studenter får gode rollefigurer, som kan vise til et godt stykke arbeid, og ikke bare administrasjon, sier Astrid Dyrseth.


Frykten for rødstrømper

- Universitetene er tungroddede systemer med tradisjoner det ikke er så lett å snu. Vi må tenke langsiktig for å få resultater. Men skal vi få effekt ut av den likestillingsplanen vi har, må det også følge penger med til tiltakene, sier likestillingsrådgiver Svandis Benediktsdottir ved NTNU. I 2003 var budsjettet til likestillingstiltak 300 000. I 2004 var potten tidoblet, med 3,3 millioner. I år bruker NTNU 3,6 millioner for å øke likestillingen. Mentorordninger, rekrutteringstiltak, kvalifiseringsstipend og startpakker er blant tiltakene. 40 er med på mentorordningen. På Institutt for marin teknikk har de satt i gang rekrutteringsprosjektet Jentebølgen.

- Det er ei stor utfordring å beholde kvinnene. Det er bakgrunnen for startpakker for kvinner i mannsdominerte miljø. Vi ønsker å unngå at de slutter, sier hun.

Svandis Benediktsdottir mener fokuset på likestilling har økt, og at det er mer engasjement i fagmiljøene rundt dette.

- Samtidig merker jeg ei litt negativ holdning blant studentene. Mange mener at vi har likestilling, og at det ikke er nødvendig å arbeide med tiltak. En del jenter er også redde for å bli stemplet som rødstrømpe. Vent til dere kommer ut i yrkeslivet, sier jeg da.



Astrid Dyrseth arbeider innenfor et mannsdominert fagfelt ved NTNU. En startpakke fra universitetet skal sørge for at hun ikke slutter.

Av Birgit Røe Mathisen (tekst og foto)

Mo kan få toppforskning

Høgskolen i Bodø satser stort på sin avdeling i Mo i Rana. Nå planlegges etableringen av et forskningsmiljø på nasjonalt toppnivå, skriver Rana Blad. Rektor ved Høgskolen i Bodø, Frode Mellemvik, har nylig besøkt Mo i Rana for å drøfte videreutviklingen av det nyoppstartede studiet i økonomi og ledelse ved høgskolens avdeling i Rana. - Vi ønsker å etablere et bredt forsknings- og utdanningsmiljø innen industriell økonomi i Rana. Målet er å skape en spisskompetanse innen industriell forskning i Mo i Rana, sier Mellemvik.

Doktorrekord i Tromsø

2004 var et jubelår for Universitetet i Tromsø når det gjelder antall doktorgrader, skriver Tromsøflaket. Hele 70 personer disputerte, og det er åtte flere enn den forrige rekorden fra 2001. Flest nye doktorer fikk Medisinsk fakultet. Ifølge notatet "Universitetet i Tromsø mot 2005", som rektor Jarle Aarbakke står i spissen for, var målet at antall doktorgrader skulle øke med 20 prosent innen utgangen av 2005. Nå er målet nådd ett år før fristen. Aarbakke sier seg tilfreds med kvinneandelen på 45 prosent.

Stor interesse for UMB

Universitetet for miljø- og biovitenskap melder om stor interesse fra studiesøkende ungdom etter overgangen til universitet. 25.000 studieguider er revet bort, og besøket på studiesidene på internett har gått opp fra 25.000 besøk i januar 2004 til 48.000 besøk i januar 2005, en økning på over 90 prosent. - Vi dokumenterer nå en markant interesseøkning for vårt varierte studietilbud. Det avgjørende spørsmålet nå blir hvor mange som faktisk søker seg til universitetet ved fristen 15. april, sier studierektor Siri Margrethe Løksa.

Likestilling

Har mål, mangler tiltak

– Mange av institusjonene har klare mål om likestilling, men de mangler konkrete tiltak for hvordan de skal nå målet, sier professor Kari Melby ved NTNU.

Hun leder komiteen for integrering av likestilling i universitets- og høyskolesektoren.

Komiteen ble satt ned av UFD i 2004, oppgaven er å anbefale tiltak for å bedre likestillingen i akademien.

Komiteen har henvendt seg til alle institusjonene, og bedt dem redegjøre for sitt arbeid med likestilling. Analysen av dette vil være klar i løpet av våren. Men allerede ser komiteen en klar tendens.

– Institusjonene har handlingsplanene på plass, men mange har ikke konkretisert målene. De mangler også tidshorisonter for når målene skal nås. Med denne analysen ønsker vi å gi UFD et grunnlag som de kan bruke i sin styringsdialog med institusjonene, sier Kari Melby.

Komiteen skal også se nærmere på Forskningsrådet.

– Forskningsrådet har et mangelfullt statistisk grunnlag. Vi vet lite hvordan de ulike virkemidlene faller ut med tanke på kjønnsfordeling, sier hun.

Komiteen har også bedt NOKUT om å vurdere hvordan likestilling kan være et kriterium for akkreditering og godkjenning av studier og institusjoner.

– Dokumentasjon av systemer for å nå uttalte mål om likestilling bør tas inn som et kriterium ved evaluering av kvalitetssikrings-systemet. Alle arbeidsgivere er jo pålagt å arbeide for likestilling. Således betyr ikke dette noe nytt krav til rapportering, sier Melby.

Hun vil også ha fokus på de gode eksemplene.

– Det har vært en tradisjon i forskningen å rette fokus mot marginalisering. For eksempel har man vært opptatt av hva det er som hin-



Kari Melby vil at likestilling skal være et kriterium for godkjenning av institusjoner.

drer kvinner i rekrutteringen. Nå ønsker vi å se på de miljøene som lykkes, og se hva det er som ligger til grunn for det.

Kari Melby mener også det er grunn til å se kritisk på effekten av kvalitetsreformen.

– Den har gitt mindre tid til forskning. Og kvinner bruker fra før mindre tid til forskning enn menn. Det er grunn til å spørre om reformen har bidratt til stillstand i likestillingsarbeidet, mener hun.

Kari Melby har tro på konkrete, klare mål, og at likestillingsarbeidet må være godt forankret i organisasjonen. Hun har også tro på gode virkemidler av den typen NTNU nå har satt i gang.

– Vi vet i hvert fall at det ikke løser seg av seg sjøl. Jeg tror ikke på argumentasjonen om at den skjeve kjønnsbalansen vil endres på sikt, fordi vi nå har flere kvinner på hovedfag og masternivå. Hvis universitetene skal være relevante og attraktive for begge kjønn, og spille en samfunnsrolle, så må kjønnsbalansen bli bedre, slår hun fast.

Av Birgit Røe Mathisen (tekst og foto)

Kvinner underviser mer

Kvinner i akademien bruker mer tid på undervisning enn menn, og menn publiserer mer.

Det kommer fram i NIFU-rapporten *Kvinner og menn – like muligheter?*, som kom rett før nyåret. Målet med den var å undersøke hvorfor en lavere andel kvinner enn menn avanserer, og hvorfor det tar lengre tid for kvinner å rykke opp. I 2003 var nær halvparten av stipendiater og postdoktorer kvinner. En tredjedel av førsteamanuensene var kvinner, mens bare 17 prosent av professorene var kvinner. Forskjellene er størst innenfor medisinske og naturvitenskap, og minst innenfor humaniora og samfunnsvitenskap.

Rapporten slår fast at kvinner bruker mer tid på å undervise enn menn, de får mindre eksterne forskningsmidler og publiserer mindre. Flere kvinner enn menn oppgir at de har flere verv. Kvinnene bruker også mer tid på

bedømmelsesarbeid.

– Forskere som får mye eksterne forskningsmidler får også større muligheter til forskning og publisering. Kvalifisering til høyere stillinger skjer gjennom publisering. Samtidig kan mye publisering gi bedre muligheter for å oppnå eksterne forskningsmidler, og dermed skapes gode og dårlige sirkler, skriver forfatterne av rapporten.

De trekker også fram kvinners avbrudd i karrieren i forbindelse med svangerskap og fødsel som ei forklaring på lavere antallet publiseringer.

De peker også på at kvinner vurderer fagmiljøet generelt mer negativt enn menn, noe som kan forklare hvorfor en større andel kvinner enn menn forlater akademien underveis i yrkeskarrieren.

Av Birgit Røe Mathisen

Kritiserer utdanningspolitikken

Frankrike: Ein bør ikkje prøve å trekkje fleire utanlandske studentar til franske universitet før tilhøva er betre. Dette er den harde sluttsatsen i ein konfidensiell rapport frå det franske utdanningsdepartementet mot avisa *Le Monde* har fått tak i. Rapporten er skriven av Josy Reiffers, tidlegare rektor for Université Bordeaux II, og han er beint fram i vurderingane av Frankrikes rolle i den internasjonale utdanningsmarknaden. Offisielt tek franske universitet og høyskular mot 240.000 utanlandsstudentar, noko som er ni prosent av alle utanlandsstudentar i verda. 50.000 av utanlandsstudentane i Frankrike er barn av innvandrarakar og har gått på vidaregåande skule i Frankrike. Halvparten av utanlandsstudentane kjem frå dei gamle kolonistatar til Frankrike i Afrika, og Reiffers skriv at desse stundom er rekrutterte for at universiteta skal kunne vise at dei har mange studieplasar. Eksamenresultata for utanlandsstudentar ligg langt under gjennomsnittet.

Omstridt kvinnestipend

15 menn klaget på Høyskolen i Buskeruds forslag om å gi kvinner på ingeniørutdanningen 25.000 kroner i stipend, men skolen står på sitt ifølge NRK Buskerud. Høyskolen i Buskerud har hatt en svært lav kvinneandel ved ingeniørutdanningen, og for å bøte på dette ville høyskolen gi stipend til kvinnelige studenter. Forslaget har møtt kraftig motbør og Likestillingsombudet har bedt skolen om svar etter at 15 menn har klaget på forslaget. Norges ingeniørorganisasjon og studentparlamentet ved Høyskolen i Buskerud er også kritiske til stipendordningen, men rektor Kristin Ørmen Johnsen forsvaret tiltaket: – Vi mener at dette ligger innenfor rammen vår når det gjelder å rekruttere spesielle grupper. Vi har en enorm nedgang av jenter som søker ingeniørutdanning. Vi gir nå et svar til ombudet og så får vi se hvordan saken blir vurdert, sier hun.

SINTEF og Byggforsk går sammen?

Sonderinger mellom SINTEF og Byggforsk kan resultere i sammenslåing mellom de to forskningsinstitusjonene, skriver Trønder-Avisa. Det er særlig innenfor de bygg- og anleggsrelaterte områdene gevinsten ansees som størst. Byggforsk og SINTEF er private stiftelser. Begge styrene har besluttet å gå inn i konkrete samtaler for å se på muligheten for å slå sammen stiftelsenes aktiviteter relatert til bygg, bolig og anlegg i én slagkraftig enhet. Norges forskningsråd ser positivt på en eventuell sammenslåing. Andre samarbeidende organisasjoner, som Byggenæringens Landsforening (BNL) og NTNU, er også positive. Dersom sammenslåingen gjennomføres, er det mange åpenbare fordeler for begge institutter, blant annet mulighetene for økt internasjonalisering og styrket posisjonering i forhold til EUs forskningsprogrammer, heter det i en pressemelding fra SINTEF

Lønspolitikk

Sterk motstand mot meir til lokal fordeling

Lokallaga sluttar opp om Forskerforbundets lønspolitikk. Fleire åtvarar mot ein større del til lokale forhandlingar.

- Vi kan ikkje skusle vekk pengar over tid fordi Akademikerne legg meir vekt på det prinsipielle enn det å lykkast, seier lokallagsleiar Harald Erik Andås.

Ein ringerunde til ulike lokallag tyder på sterkt engasjement rundt saka. Det er stor oppslutnad om å halde fast ved ein tredelt modell (sjå ramme).

- Dersom fundamentalistane skulle få kontroll i Akademikerne, bør vi sterkt vurdere å finne andre samarbeidspartnarar. Akademikerne treng støtte frå minst ein hovudorganisasjon til for å lykkast med ei lokal line, seier Andås som er leiar i Forskerforbundet ved Forsvarets forskningsinstitutt.

- Vi kan ikkje tape som i fjor i mange år på rad. Hadde det ikkje vore for dei sentrale prosenttillegga, hadde vi ikkje fått nokon ting, seier Andås som vil halde fast ved "fleksibiliteten som ligg i den tredelte modellen".

- Det viser seg historisk at dersom ein forhandlar på for lågt nivå, altså lokalt, vil ein aldri få meir enn pro rata. Dersom ein skal styrke forskarane eller dei statstilsette som heilskap, må ein gjere det gjennom sentrale oppgjer, seier Andås. Han er ikkje prinsipiell motstandar av lokale forhandlingar, men innvender òg at han fryktar at dei kan føre til gnissingar.

- No samarbeider vi greitt med dei andre forbunda i Akademikerne, til dømes Tekna. Meir vekt på lokale forhandlingar kan føre til mistriksvald på institusjonane.

Andås presiserer at problemstillinga ikkje er lufta i lokallaget, men at han kjem med sitt personlege syn. Han trur dei rundt 150 medlemene ved FFI har delte meiningar om emnet.

- Brannsløkking

- Eg støttar politikken til Forskerforbundet med sentrale oppgjer og sentrale justeringar med lokal supplerings. Dermed er eg sjølvsgatt skeptisk til lina til Akademikerne. Eg trur ikkje den er tilpassa universitets- og høgskolesektoren, seier Jan Erik Wang, leiar i Forskerforbundet ved Høgskolen Stord/Haugesund.

- Er det til å leve med å vere sterkt usamde i lønspolitikken?

- Dersom vi framleis ikkje får gjennomslag, bør det få konsekvensar. Problemet er kor vi då skal vende oss, eller om vi skal stå aleine. Vi bør i så fall bruke god tid på kva hovudorganisasjon vi eventuelt bør slutte oss til, seier Wang som ikkje trur Forskerforbundet er tent med usemja i dag over lang tid.

- Som tillitsvald har eg ofte opplevd å måtte drive brannsløkking etter utspel frå Akademikerne. Då viser eg til at vi fyrst og fremst er medlemmer av Forskerforbundet. I fyrste omgang må vi arbeide for å få større gjennomslag, men det vert problematisk å måtte føre ein politikk som ikkje har nok grobott i medlemsmassen, seier Wang.

- Vil ha tredeling

Høgskolen i Telemark er òg ein institusjon med mykje skepsis til lokal lønsdanning.

- Lokallaget vårt har gjennom mange år markert seg som sterk motstandar av lokale forhandlingar, seier leiar Ragnhild Elster i Forskerforbundet ved HiT. Lokallaget har gjort ei spørjeundersøking blant dei ca 200 medlemene. Berre 24 svarte, men av desse var 17 totalt mot lokal lønsfastsetting, fortel Elster.

- Men den lokale lønspolitikken har nok kome for å verte, og då går vi inn for den tredelte modellen.

- Sjølv om mange er heilt mot lokale forhandlingar?

- Ja, styret har ikkje fått motstand på dette. Medlemene tykkjer det er ei betre løysing enn at alt vert forhandla lokalt. Dei er òg nøgde med resultatata i dei sentrale justeringsforhandlingane.

- Korleis er det som lokallagsleiar å leve med desse spenningane?

- Eg må jo det. Denne debatten har vi hatt kvart år, og lønspolitikken held aktiviteten



Lokale tillitsvalde støttar lønspolitikken til Forskerforbundet. (Illustrasjonsfoto frå demonstrasjon for "Fritt Akademia" i Oslo 26. januar. Foto: Kjetil A. Brottveit)

Fleire utanlandsstudentar til USA?

Er tendensen til dalande internasjonal interesse for høgare utdanning i USA i ferd med å snu? Ein representant for regjeringa hevda nyleg dette. Statistikk frå fyrste halvår i 2004 viser ein oppgang i talet på innvilga søknader om studentvisum. Det er fyrste gongen sidan 11. september 2001 at tala peikar oppover. Samtidig rapporterer universitet og college rundt om i USA at talet på utanlandsstudentar framleis går nedover. I mange tilfelle ligg nedgangen på rundt 10 prosent. Tala er med andre ord motstridande.

Bill Gates kritisk til visumreglar

USA si rolle som "IQ-magnet" er i fare på grunn av dei strenge visumreglane. Det sa Microsoft-gründeren Bill Gates under World Economic Forum i Davos i Sveits. Gates hevda at innvandringspolitikken etter 11. september 2001 har ført til at talet på asiatar som søker seg til forskingsavdelinga i Microsoft har gått ned med 35 prosent. Han såg dette som ein fare for framtida til heile programvareindustrien i USA, og karakteriserte den generelle nedgangen i talet på utanlandske studentar som ein katastrofe.

UiO: Fem millioner til bedre læring

Nesten fem millioner kroner skal i år deles ut til miljøer ved UiO som ønsker å utvikle fleksible læringsformer, melder Uniforum. - Vi er glade for at vi for tredje år på rad har penger til å støtte planleggingen og utviklingen av fleksible studietilbud ved Universitetet i Oslo. Vi oppfordrar alle miljøer til å søke om å få sin del av disse pengene, sier førsteamanuensis Edvin Bach-Gansmo, teamleder for Fleksibel læring ved UiO til Uniforum.

oppe i lokallaget. Men eg må fylgje godt med, for vi har vakne medlemmer som held diskusjonen gåande.

- Bør Forskerforbundet vurdere medlemskapen i Akademikerne dersom ein ikkje får sterkare gjensvar i lønspolitikken?

- Vi har diskutert det i lokallaget, men ikkje "offentleg". Eg trur vi ventar med denne debatten til etter landsrådet, seier Elster. Landsrådet i Forskerforbundet vert halde 31. mars - 1. april.

Splitting hjå Riksantikvaren

- Vi er på line med Forskerforbundet sentralt i dette spørsmålet, seier tillitsvald Ingegerd Holand hjå Riksantikvaren. Forskerforbundet har 35 medlemmer på arbeidsplassen, og er nest største fagforeining etter NTL.

- Vi ynskjer å halde på systemet i dag, og vil helst ikkje ha alt til lokale forhandlingar. Berre gjennom sentrale oppgjer kan vi sikre lønsutvikling for alle. Lokale forhandlingar fører lett til dragkampar om midla der folk kan falle utanfor, òg over lang tid. Medlemsmassen hjå oss er samansett med til dømes arkeologar, etnologar og kunsthistorikarar i administrative stillingar, i arkiv, bibliotek og informasjon. Vi har diskutert lønspolitikken mykje her i og med at desse skiljelinene er synlege på vår eigen arbeidsplass, seier Holand.

- Inntil sist haust samarbeidde vi med dei andre i Akademikerne - arkitektar og ingeniørar - om lønspolitikken. Samarbeidet sprakk på grunn av ideologiske skilnader. AFAG og Tekna ville forhandle alt lokalt. Skiljelinene går mellom meir einsarta, ofte høgt løna yrkesgrupper, som lækjarar og arkitektar, og meir heterogene foreiningar, som Forskerforbundet.

- Bør Forskerforbundet vere med i Akademikerne?

- Politikken ligg fast

- Det er opp til utvala å leggje opp politikken for lønsoppgjeret i vår, seier Christl Kvam, leiar i Akademikerne. Utvala er blant andre Akademikerne Stat og Akademikerne Privat.

- Leiaren i Forskerforbundet og leiaren i Akademikerne Stat har heilt ulike syn på bruk av lokale forhandlingar. Kva meiner du om dette?

- Eg oppfattar at både er opptekne av å skaffe medlemmene meir løn, og at dei har ein laupande diskusjon i utvala om korleis ein kan oppnå dette.

- Er det ein leveleg situasjon at ein stor medlemsorganisasjon er heilt usamd med Akademikerne i lønspolitikken?

- Denne problemstillinga er oppkonstruert. For å lykkast er vi avhengige av å finne felles løysingar som alle kan støtte seg til. Forskerforbundet er jo ikkje prinsipielle motstandarar av lokale forhandlingar, men trur det kan slå negativt ut på arbeidsplassar der dei er store, seier Kvam.

- Knut Aarbakke vil aller helst endre systemet slik

Fakta

Forskerforbundet vs. Akademikerne

Det vekte ei viss oppsikt då Knut Aarbakke, leiar i Akademikerne Stat, formulerte seg slik i Forskerforum nr. 1/05: "Vi bør ha minst halvparten til lokal fordeling under dagens lønsregime. Men eg vil aller helst endre systemet slik at alt fordelast lokalt, med unntak av dei som har ansiennitetsopprykk."

Ei slik eventuell endring er i strid med politikken i Forskerforbundet. Leiar Kolbjørn Hagen oppsummerte i Forskerforum nr. 2/05: "Vi ynskjer eit system som er relativt likt systemet vi har i dag med ei tredeling av potten: Sentrale forhandlingar med prosentvise tillegg, sentrale justeringsoppgjer og lokale oppgjer."

- Her på arbeidsplassen kan vi skifte lokallag dersom vi vert altfor usamde med hovudorganisasjonen, seier Holand og nemner NTL som eit alternativ dersom dei lokale medlemmene i Forskerforbundet skulle verte "heimlause".

- Men for Forskerforbundet som heilskap er dette vanskeleg å handtere. Eg veit ikkje kva samanslutnad som skulle vere alternativet, og vi håpar fyrst og fremst at Forskerforbundet får større innverknad hjå Akademikerne, seier Holand som tykkjer det er prisverdig at forbundet sentralt opnar for denne diskusjonen.

- Vi får høyre frå andre foreiningar i Akademikerne at vi ikkje fylgjer politikken deira. Då seier vi at vi fylgjer Forskerforbundet, seier Holand.

Av Kjetil A. Brottveit

at alt vert forhandla lokalt. Deler du dette synet?

- Inntil noko anna er bestemt i rådsmøtet til Akademikerne, står både Aarbakke og eg på den lønspolitiske plattformen som låg til grunn for etableringa av Akademikerne og som har lege fast sidan då.



- Denne problemstillinga er oppkonstruert, seier Christl Kvam, leiar i Akademikerne. (Foto: Akademikerne)

Harvard-reaktor vekker kjønnsdebatt

Larry Summers, rektor ved Harvard University, har møtt ein storm av kritikk etter å ha uttalt at kvinner har genetisk dårlegare føresetnader enn menn for å studere matematikk og naturvitskap. Summers framførde syna sine som gjestetalar ved ein konferanse om kvinner og minoritetsgrupper innan naturvitskap og teknikk. Han nedtonte sosiale forklåringar på mannsdominansen på dei nemnde fagområda. Fleire tilhøyrarar forlot salen då Summers sa dette. Etter å ha møtt kritikk seinare, såg Summers seg tvunga til å kome med ei orsaking, som vart publisert på Harvard's intranett: "I deeply regret the impact of my comments and apologize for not having weighed them more carefully". Kommentatorar har likevel peikt på at talet på "tenured positions" som har gått til kvinner har gått ned medan Summers har vore rektor ved Harvard. Han byrja i 2001 etter å blant anna å ha vore finansminister under Bill Clinton.

Førebur europeisk forskingsråd

Dei konkrete førebuingane for å skipe eit europeisk forskingsråd er i gang. "Identification Committee" hadde nyleg sitt fyrste møte under leiing av Lord Patten, tidlegare utanrikskommisær i EU, og no kanslar for Oxfords universitet. Oppgåva til komiteen er å kome med framlegg om korleis eit styre for forskingsrådet skal bli samansett. Forskingskommissjonæren Janez Potocnik seier at det nye rådet skal vere forskarstyrt og innretta mot grunnforskning. Dei andre medlemene i komiteen er professor Erwin Neher, nobelprisvinnar frå Göttingen, doktor Catherine Bréchnignac, sjef for Institut d'Optique, Université Paris Sud, professor Jüri Engelbrecht, viseordførar for Estlands vitskapsakademi og professor Guido Martinotti, Università degli Studi di Milano-Bicocca.

Nye senter for utdanningskvalitet

Higher Education Funding Council for England (HEFCE) har sett av 300 millionar pund for å skape nye senter for utvikling av kvaliteten på grunnutdanninga. 74 av 259 søknader er utvalde, og midla har i stor grad gått til universitet og høgskular med forverra økonomi på grunn av konsentrasjonen av forskingsressursane til færre universitet. Plymouth har til dømes fått fire senter, medan berre eitt har gått til Oxford. Dei utdelte beløpa ligg på mellom 200.000 og 500.000 pund, og finansieringa kjem til å verte fordelt over dei neste fem åra. Pengane kan brukast både til stillingar og infrastruktur. Ein del av dei nye sentra er innretta på spesifikke fagområde, medan andre har ein meir generell karakter.

Belønningssystem for formidling

- Kunstnerisk utvikling må ikke utelates

Kunstfag kan bli nedprioritert i hele UH-sektoren dersom regjeringen holder kunstnerisk utviklingsarbeid utenom indikatorene for finansiering, advarer formidlingsutvalget i Universitet- og høgskolerådet.

- Vi har fått veldig tydelige tilbakemeldinger fra sektoren om at departementet må gripe tak for å få det kunstneriske utviklingsarbeidet med i belønningssystemene, sier Torunn Klemp, rektor ved Høgskolen i Sør-Trøndelag. Hun leder det såkalte formidlingsutvalget i Universitets- og høgskolerådet (UHR), som arbeider med å finne et sett indikatorer på forskningsformidling. Indikatorene skal etter planen utløse finansiering etter poengrangering av institusjoner og forskningsmiljøer. Formidling av faglig kompetanse til allmennhet og brukergrupper står sentralt i oppdraget fra Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD). I mandatet har UFD



Formidlingsutvalgets leder Torunn Klemp oppfordrer Utdannings- og forskningsdepartementet til å snarest lage indikatorer til finansiell belønning av kunstnerisk utviklingsarbeid. (Foto: Bernt Gran)

imidlertid utelatt universitetsmuseene og det kunstneriske utviklingsarbeidet. Kunstthøgskolene og Arkitekthøgskolen er holdt helt utenfor, noe Torunn Klemp finner uholdbart i forhold til deres utbredelse.

- Vi har vært meget tydelige overfor departementet, men vi holder oss selvsagt lojalt til vårt mandat, sier Klemp.

- Mulig å kategorisere

Professor Thorolf Krüger ved Høgskolen i Bergen har tidligere utredet det kunstfaglige utviklingsbegrepet overfor UHRs formidlingsutvalg. Krüger sier til Forskerforum at det er et feilskjær å utdefinere store deler av de statlige lærerutdanningene i et nytt finansieringssystem for formidling.

- Man er nødt til å tenke konsekvent og helhetlig i forhold til de statlige høgskolenes oppdrag om å vende seg ut mot samfunnet, ellers risikerer man en marginalisering, kommenterer Krüger. Han mener det er meget alvorlig dersom det omfattende arbeidet med indikatorer for formidling inneholder føringer om å utlemme en stor del av systemet.

- Kategorisering i seg selv er problematisk, men det er absolutt mulig å lage indikatorer for de kunstneriske fagene, påpeker Krüger, som understreker at han tror på departementets gode vilje.

Nedvurdering

Dekan Håkon Stødle ved Avdeling for kunstfag ved Høgskolen i Tromsø sier til Forskerforum at departementet har utvist en betydelig grad av ubesluttsomhet når det gjelder å utvikle et system for å gi uttelling for kunstnerisk utviklingsarbeid.

- I fjor hadde vi 193 registrerte bidrag av blant annet konserter og skriftlige vitenskapelige arbeider. Høgskolen fikk uttelling for seks av dem, forteller Stødle. Dekanen oppfordrer UFD til å bevilge penger til å foreta en skikkelig utredning av kunstfaglig arbeid.

- De synes det er vanskelig å gjøre denne

jobben, men konsekvensen for oss er at massevis av konserter og arbeider ikke gir økonomisk uttelling, sier Stødle.

Formidlingsutvalget gjør i sitt høringsnotat til UH-sektoren oppmerksom på at "... dersom kunstnerisk utviklingsarbeid holdes utenfor gjentatte ganger, vil det kunne oppfattes som en nedvurdering av slikt arbeid." Utvalget advarer mot konsekvensene av å holde store fagområder i lærerutdanningene utenfor uttellingssystemet. Høgskolene og universitetene kan begynne å nedprioritere utviklingen og formidlingen av en rekke viktige fag, understreker utvalget. Institusjonene risikerer dessuten en forskyvning seg i mellom, der en overvekt av målbare studier utløser økonomiske konkurransefordeler.

Ifølge Torunn Klemp må hele sektoren begynne å erkjenne at incentivsystemene utgjør et konkurransebasert nullsumspill.

- Vi er nødt til å begynne å definere begreper og tenke indikatorer på både publisering og formidling av kunstnerisk utviklingsarbeid, fastslår Klemp.

Begrepsforvirring

Departementet har pålagt formidlingsutvalget å lage indikatorer på forskningsformidling som passer sammen med en "innovasjon og nyskaping". Den allmennrettede forskningsformidlingen vil ganske sikkert bli tilpasset kategoriene for formidling som finnes i Frida- og ForskDok-databasene, opplyser formidlingsutvalget.

- Innovasjonsbegrepet i forhold til brukertilrettet formidling har man nok ikke tenkt så nøye gjennom fra departementets side, sier utvalgsleder Torunn Klemp. Begrepet innovasjon er i følge utvalget så forvirrende at det ikke lar seg gjøre å utlede indikatorer for formidling på bakgrunn av det.

- Vi får bare lete etter indikatorer og så foreslå disse, sier Klemp. Hun sammenligner innovasjonsbegrepet med idrettens begrep om doping.

- Ingen stiller lenger spørsmål om innholdet i dopingbegrepet, bemerker Klemp.

Av Andreas Høy Knudsen

Redaktørplakat ved UiO

Et enstemmig universitetsstyre ved Universitetet i Oslo har vedtatt å gi redaktørene i Apollon og Uniforum fullmakt til å redigere UiO-publikasjonene etter bestemmelsene i Redaktørplakaten. Det betyr at redaktørene fra da av ikke lenger skal rapportere til Informasjonsdirektøren og Universitetsdirektøren om innholdet i publikasjonene. - Det føles godt. Dette har jeg ønsket og jobbet for helt siden jeg begynte som redaktør for Uniforum i 1997, sier Martin Toft til Uniforum.

Publiseringsrekord ved NTNU

Til sammen bidro NTNU-forskerne med rundt 8.000 artikler og foredrag i fjor, skriver Universitetsavisa. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse stod bak 1.940 publikasjoner, mens Det medisinske fakultet hadde 1.483. Fakultet for naturvitenskap og teknologi økte mest, med 1.137 publikasjoner. Publiseringsskivitet økte over hele NTNU i fjor, med unntak av ved Historisk-filosofisk fakultet og Fakultet for arkitektur og billedkunst Arild Sønvedt ved Universitetsbiblioteket tror dette skyldes at kategoriseringen innenfor kunstfagene ikke er god nok.

Pensjonspoeng for utdanning?

Norsk Studentunion foreslår å innføre pensjonspoeng for utdanning, skriver Studvest. - Flere studenter vil oppleve en vesentlig nedgang i pensjonen dersom besteårsregelen faller bort. De langtidsutdannede studerer lenge og får dermed færre yrkesaktive år, sier Jørn A. Henriksen, leder for Norsk Studentunion til Studvest. Om den nye pensjonsreformen til regjeringen trer i kraft, vil det gå utover studentenes pensjonsoppbygging. De som bruker flere år på høyere utdanning, men ikke tjener over gjennomsnittet, vil komme særlig dårlig ut.

Med peiling på villrein



Foto: Olav Strand

Ei villreinsimle beitar saman med flokken sin ved Litlos på Hardangervidda. Dei andre dyra verkar ikkje til å vere plaga av at ho har eit gult halsband med ei lita antenne på. Dei veit ikkje at ho røper dei alle saman.

VILLREINFORSKAR Olav Strand i NINA (Norsk institutt for naturforskning), utviklar metodar for bruk av radiosendarar på reinsdyr. Han driv eit vitenskapleg overvåkingsarbeid som er ein del av det tverrfaglege prosjektet *Landskap i endring 2000-2004*. Ei rekkje faglege disiplinar har samarbeidd i prosjektet som skal gjere oss klokare på åtferda til villreinen og korleis han taklar at vi stadig endrar og aukar bruken vår av fjellet.

Simla fekk sendaren festa kring halsen medan ho sov som ein stein i bedøvd rus. No er alt som før, bortsett frå denne lett plagsame gule greia kring halsen, skummel menneskelukt i nasen og eit ekstra gevir langs nakken. Det simla ikkje veit er at den gule greia er ein GPS-sendar som lagrar posisjonen til dyret kvar tredje time i tre år. Mottakaren i halsbandet er ei lita datamaskin som kommuniserer med ein satellitt.

LAGRINGSKAPASITETEN ER stor nok til å samle inn fleire tusen posisjonar. Når tida er inne vert dyret peila inn og Strand overtek sendaren. Så byrjar eit omfattande

systematiseringsarbeid der forskarane legg informasjonen inn i eit digitalt kart over Hardangervidda.

For kvar posisjon som dukkar opp i kartet, teiknar det seg eit stadig klarare ferdslemønster. Etter Litlosbeitet dreg simla nordover og lenge har ho no vore i vestfjella. Men ho er ikkje den einaste overvaka simla på Hardangervidda. Det går 26 andre simler med like sendarar. Saman er dei uvitande angjevarar for resten av reinen på vidda. Simlene følgjer nemleg dei store flokkane og dermed veit Strand ikkje berre det meste om ferdene til dei 27 GPS-simlene, men om heile den største ville reinstamma i Europa, og som Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta godt vare på.

- Merkinga av dyra har to siktemål. Den eine går på bestandestimering. Tidlegare metodar me har hatt for å anslå kor mange reinsdyr det eigentleg er på Hardangervidda, har basert seg på teljingar etter flyfoto. Problemet er at dette alltid vil vere minimumstal, då ein ikkje veit kor mange dyr ein ikkje har fått med seg. Over eit så stort område som Hardangervidda vil det alltid vere rimeleg at ein ikkje greier å telje alle dyra slik. Difor

nyttar me oss også av ein metode basert på fangst/gjenfangst, der me ser kor mange av dyra som vert funne på teljingar som har slike sendarar og ikkje. I dag er 40 villrein merkte med slike radiosendarar. Då reinen er eit flokkdyr, gjev det oss lettare høve til å finne fleire dyr saman med dei merkte dyra. 27 av dei 40 merkte dyra har i tillegg denne GPS-harddisken som lagrar posisjonar. Desse er sentrale for det andre siktemålet, som er langt meir omfattande, fortel Strand.

27 DYR HAR OVER ein femårsperiode gjeve Strand over 20.000 kartdatapunkt som han lastar ned på det digitale kartet. Dette kartet inneheld, i tillegg til grunndata som topografi og høgd over havet, også ei mengd andre typar informasjon som forskarane trur har noko å seie for ferdslemønsteret til villreinen.

- Kartet inneheld informasjon om beitetilhøva, og då særskilt vinterbeita, snømengd, hytteaktivitet, løypenett, skogsvegar, demningar, reguleringar og turiststiar. Me vil finne ut kva som får reinen til å velje slik han gjer. Kva av naturlege og menneskeskapte eigenskapar ved landskapet som er til gagn ►►



Forskar Olav Strand er knytt til NINA-avdelinga Vilt og samfunn i Trondheim. Kunnskapsområda hans er fjelløkologi, populasjonsøkologi, beiteøkologi, predasjon, bevaringsøkologi, pattedyr, rein og fjellrev.

► og ugagn for dyra. Variablane vert fargekoda og lagde oppå kvarandre som kartlag. Då sit me med eit kart der me kan sjå dei ulike variablane kvar for seg eller samla opp mot reinen sine rørsler. Deretter kan me gå vidare og modellere inn variablane og vekte dei etter å statistisk ha testa kva effektar dei har på reinen. Eit døme kan vere at store beiteområde står urørte av reinen. Kan det då vere andre kvalitetar ved desse områda som gjer at reinen held seg unna? Ein av oppdragsgjevarane våre er Vegdirektoratet som ynskjer å vite meir om kva effekt Riksveg 7 har på reinen. Det har lenge vore drøfta i kva grad vegen skjer reinen av frå vinterbeita i nord. Me håpar å kunne seie noko meir handfast om dette når analysane ligg føre, fortel Strand.

ARBEIDET TIL NINA skal leggest til grunn for vidare forvaltning av norsk villrein. Modellane til Strand vil få sterk merksemd, og forskaren understrekar at det digitale biletet me får har fleire veikskapar.

- Me har overvaka dyra i fem år, medan dei har vore i landet i 10.000 år. Det korte tidsspennet gjer at me bør ta visse atterhald når me snakkar om kva som trugar reinen. Dyra har brukt tusenvis av år på å tilpasse seg beitetilgang og klimaendringar og menneske. Dette er eit kort glimt av korleis dei har det på starten av 2000-talet. Men prosjektet vil gje oss eit *betre* høve til å ta vare på villreinen. Poenget er å skaffe ein ny type "nøytral" informasjon om måtar ville dyr brukar land-

skapet på og måtar menneska verkar inn på vala dyra tek. Karta er eit massivt empirisk grunnlag til hjelp for å vurdere alternative måtar å dekke våre egne behov for å bruke naturen utan å øydelegge, eller øydelegge minst mogleg for ein dyreart som held til i det same området, seier Strand.

JAKT OG FREDING har vore dei einaste tradisjonelle formene for forvaltning av ville dyreartar i Noreg. Strand meiner *Landskap i endring*-prosjektet vil vise at biletet er meir komplekst, og at meir fleksible forvaltingsløyningar er naudsynte.

- Den tradisjonelle måten å ta vare på ville dyr som har vortne truga, er vedtak og freding. Så har bestanden teke seg opp att. Fjellreven er eit døme på at det ikkje alltid er slik. Samfunnet endrar seg, og lagnaden til fjellreven fortel oss at tradisjonelle forvaltingsformer bør reviderast. Me må finne andre og betre modellar som tek omsyn til fleire trugsmål enn jaktvåpen. Me håpar å kunne syne at me er mange som forvaltar villreinen - grunneigarar, hytteeigarar, sauebønder, turgåarar, vegdirektorat, jegerar og forskarar. Det er ein uttala målsetnad å finne ut kva rolle alle i samfunnet spelar i ei slik sak. Då gjeld det at datagrunnlaget og den vitenskaplege dokumentasjonen som skal ligge i botnen er til å lite på - og at han er tilgjengeleg, seier Strand og legg til at politikken tek over for forskarane når denne målsetnaden er nådd.

- Kva politiske forvaltingsløyningar som

måtte kome i kjølvatnet er me som forskarar likesæle til, men forvaltninga vil stå betre rusta til å gjere ein betre jobb for å ta vare på villreinen, seier Strand.

Resultata frå forskingsarbeidet til NINA vil vere klare for publisering i 2006.

DET ER URÅD Å SKRIVE denne artikkelen utan å samstundes verte nyfiken på om Strand har funne data av meir kuriøs karakter. Han har notert seg kvar dyra har vandra, men er det noko han stussar over? Var det nokre rare vandringar?

- Det har i grunnen vore lite av det slaget. Ei simle som imponerte oss var ei som stod ved Songa-dammen lengst sør i nasjonalparken etter jakta i 2002. Fyrst drog ho tvers over fjellet, over riksveg 7 og heldt seg nokre dagar i nord. Så drog ho attende til sentralvidda, før ho dreiv så langt aust som du kjem, ved Gavlen, før ho dukka opp like over Kinsarvik i vest i mars. Dette er store avstandar, sjølv for ei simle.

- *Var det dyr med sendarar som vart borte?*

- Det har stort sett gått bra. Når du legg høgteknologiske duppedittar kring halsen på ville dyr og sender dei ut i fjellet, så røyner det på utstyret. Me leita lenge etter ei simle i 2002. Her spela dyra oss eit puss, for me fann henne i Setesdal. Truleg dreia det seg om dyr frå Setesdal-stamma som var på tur og som me tok for å vere Hardangervidde-rein. Det er ikkje uvanleg at stammene blandar seg når landskapet opnar for det. Dei ser gjerne mindre på seg sjølve som egne stammer enn det menneska gjer. Det understrekar også poenget om at bestandestimering er ein krevjande disiplin.


BRUTALT FOR DEI aller minste er kanskje også dokumentasjonen som diverre seier at det ikkje var reinsdyr i luftrommet jolekvelden dei fem omtala åra. Jegeren Strand har også revurdert sjølvbiletet etter at det ikkje lenger er tvil om kvar dyra var i jakta.

- Dyra gøymer seg godt. 40.000 år har lært dei å vere livande redde menneske. Eg må innrømme at det var morosamt å sjå at det området der eg jakta i 2002, og som eg fann ut var tomt for dyr, eigentleg hadde rein både her og der, seier villreinforiskaren.

Av Karl H. Ystanes



Satellittbilete som viser Hardangervidda sett frå vest. Hardangerfjorden og Sørfjorden i framkant av biletet. Deretter er det lagt inn vegar som E134 og Rv 7 som er farga strekar. Dei oransje prikkane er GPS-merkte rein som ruslar rundt i fjellet. (Kjelde: NINA)



Ulike informasjonslag er fargekoda og stabla saman i eit digitalt superkart. (Kjelde: NINA)

NINA – kunnskapsleverandør i natursaker
Norsk institutt for naturforskning, NINA, er eit nasjonalt og internasjonalt kompetansesenter for naturforskning. Kjerneaktivitetar for instituttet er forskning, overvaking og ulike typar utgreiingsarbeid.

NINA har hovudkontor i Trondheim og verksemdar i Tromsø, på Lillehammer, i Oslo og på lms i Rogaland. NINA sin visjon for eiga verksemd er å vere den viktigaste kunnskapsleverandøren for breie samfunnsinteresser i avgjerder om bruk og forvaltning av mangfaldet i naturen.

Fagområda ved NINA er mangfald i naturen, areal og landskap, kyst, havbruk, laks, ferskvassøkologi, regulerte vassdrag, vindkraft, hjortevilt, rovdyr, arktisk økologi, naturbruk, friluftsliv, naturovervaking, klimaendringar, U-land, EU og konsekvensutgreiingar.

Les meir om NINA-forskarane sine aktivitetar og publikasjonar på www.nina.no.

40.000 år gammal kulturberar

Rapporten *Villrein og Samfunn* (ViSa) går inn som ein del av Norges Forskningsråd sitt program *Landskap i endring*, og er meint som eit sett forvaltingsråd til regjeringa frå ei gruppe av forskarar, miljøorganisasjonar og brukarar der emnet er villrein i Noreg. Rapporten vart overlevert miljøvernminister Knut Arild Hareide den 8. februar.

På nettsidene til Forskningsrådet kan vi lese at rapporten rår til at det vert oppretta eigne nasjonale villreinområde med eigne forvaltingsregime og auka merksemd kring fysiske inngrep og ferdsle.

Rapporten kan føre til fleire omfattande endringar i forvaltninga av villreinområda, men også endringar i haldningar, då han peikar på at det ikkje berre er jegerar som påverkar villreinen.

NINA-professor Reidar Andersen meiner at heile samfunnet har ansvar for å ta vare på eit dyr vi har hatt eit kulturelt forhold til i 40.000 år. Andersen vert sitert på forskning.no, der han seier at "vi må løfte forvaltninga av villreinen vekk fra denne "vesle menighetens" (jegerane, red.merk.) interesser, og gjøre dyret som er Europas eldste kulturbærer til et felles samfunnsansvar".

– Det er ein sterk vilje til å ta vare på villreinen i Noreg, seier Andersen til Forskerforum.

– Fokuset på villreinen vil ikkje automatisk implisere meir forskning på rein i framtida. ViSa-prosjektet og *Landskap i endring* er jo allereie gode bidrag. Men det finst ein sterk vilje på tvers av faglege og geografiske grenser til å ta vare på villreinen. Suksessen vil då ligge i at vi får til ei god arealforvaltning. Til det treng vi gode datagrunnlag og forvaltingsverktøy, noko til dømes forskinga til Olav Strand bidreg sterkt til, seier Andersen.

Avdelingsdirektør i NFR, Kirsten Broch Mathisen, sa under overleveringa at ViSa-prosjektet, på same måte som RoSa (*Rovvilt og Samfunn*), syner kor viktig det er at forskning følgjer forvaltning. Det er usikkert om dette er eit signal om fleire forskingsmidlar i framtida.

Villreinmeny

Villrein på Hardangervidda et stort sett lav om vinteren. Lav er rikt på karbohydrat og lett fordøyelig. Men i sommarhalvåret treng reinen å bygge opp feitt til vinteren. Då et han proteinrike planter som urter, bladvekstar, sopp og gras.

samtiden

TIDSSKRIFT FOR POLITIKK, LITTERATUR OG SAMFUNNSPØRSMÅL



Anmelderne sier:

«Velskrevne, engasjerte, ofte personlige tekster.»

MORGENBLADET, NORGE

«Tidsskriftet kan utvetydige anbefales.»

POLITIKEN, DANMARK

Vår tids fortellinger

Samtiden er tidsskriftet der landets skarpeste skribenter spissformulerer trender og tendenser i kultur og samfunn.

Samtiden 1/2005 er ute nå. Les bl.a.:

- Stig Sæterbakken: *Døden er en utopi*
- Hanne A. Kraugerud: *Å gi trash-TV et ansikt*
- Nina Ø. Sæther: *Selvrealisering og psykopati*
- Solveig Østrem: *Helvetes tekopp! Om liv og litteratur*
- Kyrre Tromm Lindvig: *Jødisk identitet i dag*
- Johan F. Rye og Anne Iversen: *Det «norske» i USA*
- Tor Obrestad: *Ei nylesing av Garborgs «Knudabeibrev»*
- Willy Pedersen: *Alltid online*

Korrespondansen mellom Hannah Arendt og Alfred Kazin publiseres for aller første gang, redigert av Helgard Mahrdt

Artikler og debatter på www.samtiden.no



Redaktør:
Knut Olav Åmås

Gi et abonnement i gave – 624 sider pr. år
abonnement@samtiden.no eller 22 400 400
Student 298,- Privat 348,- Institusjon 388,-
Fås i Narvesen og bokhandel, kr. 98,-



